

Noregs miljø- og  
biovitenskapelige  
universitet

**Masteroppgåve 2022 30 stp**  
Fakultet for landskap og samfunn

# **Forvaltning av tre i byar og tettstader- Offentlege styresmakter sine planar og strategiar**

Urban tree management

**Ingeborg Njøs Slinde**  
By- og regionplanlegging

# Biblioteksider

Tittel:

Forvaltning av tre i byar og tettstader

Undertittel:

Offentlege styresmakter sine planar og strategiar

Caseområde:

Bergen og Stavanger kommune

Title:

Urban tree management in Norway

Forfattar:

Ingeborg Njøs Slinde

Rettleiar:

Gunnar Ridderström

Antall sider:

110

Format:

Stående A4

Figurar:

Fotografi, kart og illustrasjonar er produsert av Ingeborg Njøs Slinde dersom ikkje anna er oppgjeve.

Emneord:

Tre, offentlig forvaltning, treforvaltning, parkforvaltning.

Keywords:

Trees, tree management, urban trees, urban forest management.

# Forord

Denne masteroppgåva markerer avslutninga på studiet i By- og regionplanlegging ved NMBU (Norges miljø- og biovitenskaplege universitet).

Arbeidet starta på nyttårsafta 2021 med pinnekjøt på bordet, ein positiv koronatest og ei ubeskriveleg kjedsamheit. Løysinga var å starte på masteren, og sia har eg vore underhaldt fram til ein sein novemberkveld 2022, då ein ny positiv koronatest avslutta sirkelen, og siste ord i oppgåva vart skreven.

Arbeidet med denne oppgåva har vore ei sann glede og ein fin hobby medan eg jobbar som landskapsarkitekt. Kombinasjonen av praktisk prosjektering på jobb med teori og skriving på fritida har gitt meg mykje nyttig lærdom.

Det er mange som har gjort seg fortjent til ein takk for støtte og bidrag. Først og fremst må min gode rettleiar Gunnar Ridderstrøm ha ein stor takk for stødig rettleiing og inspirerende fagleg engasjement. Håpar eg klarar å behalde det faglege engasjementet mitt slik som deg.

Eg må og takke intervjuobjekta som eg har vore heldig å få snakke med. Både Stavanger kommune og Bergen kommune har vore hjelpsame og gitt viktige innspel til oppgåva.

Takk til alle mine flotte folk som har backa på ulike måtar med mat, snacks, inspirasjon, klemmar, godord og korrekturlesing. Takk for all glede og distraksjonar. Utan distraksjonar, ingen fokus og arbeidsmotivasjon.

Til slutt vil eg rette merksemd til alle dei vakre trea me har rundt oss.



Signatur

Ås, 09.12.2022

# Samandrag

I Noreg er det kommunane som har hovedansvaret for forvaltinga av tre. Studiar viser at det fins lite føringar for korleis kommunane skal arbeide med forvalting av tre, som igjen fører til stor variasjon i praksis frå kommune til kommune.

Med det aukande fokuset på grøne verdiar, klimaendringar og naturkrisa er forvalting av tre eit viktig tema, både for å ivareta eksisterande tre og å sikra ei utvikling av trebestanden for å unngå at den vert forringa eller redusert.

Denne oppgåva tek føre seg forvalting av tre i byar og tettstadar og korleis offentlege styresmakter legg til rette for dette gjennom sine planar, føringar og retningslinjer.

Oppgåva inneheld ein gjennomgang av lover og forskrifter som omhandlar tre. Ei dokumentanalyse av statlege, regionale og kommunale planar, retningslinjer og føringar saman med semistrukturerte intervju av tilsette i dei to casekommunane Bergen og Stavanger, bidrog også til funna og diskusjonsgrunnlaget i oppgåva.

Oppgåva viser at ein kan bruka både det operasjonelle, det taktiske og det strategiske nivået for å sikra tilstrekkeleg forvalting av tre. Den viser også at det er stor forskjell på korleis tre vert forvalta, og at det finst mange ulike verktøy som kan nyttast for å sikre at tre vert teke omsyn til både i planleggingsfasen, utbyggingsprosjekt og i driftsfasen. Ein kan sikre god forvalting både gjennom juridiske verkemiddel, samt politiske og administrative prioriteringar.

Oppgåva er eit innspel til offentleg forvalting av tre, og eit diskusjonsgrunnlag for vidareutvikling av både statleg, regional og kommunal forvalting av tre.

# Abstract

In Norway, the municipalities have the main responsibility for urban tree management. Studies show that there is a lack of guidelines for how municipalities should work with tree management, which in turn leads to big differences in practice from municipality to municipality (Fognar et al., 2019).

With the increasing focus on green values, climate change and the nature crisis, the management of urban trees is a relevant topic, both to safeguard the existing tree population and to ensure the development of the urban forest to avoid it being degraded or reduced.

This thesis will focus on urban tree management and how public authorities facilitate this through their policies, plans and guidelines.

The thesis contains a review of laws and regulations regarding trees and nature reservation in Norway. In addition to this a document analysis of policies, plans and regulations on the governmental, regional and municipal level was conducted. To supplement this, semi-structured interviews of employees in the municipalities of Bergen and Stavanger contributed to the findings and formed the basis for discussion.

The findings in the thesis shows that one can utilize both the operational, the tactical and the strategic level to ensure adequate management of the urban forest. There are differences in how trees are managed in the two municipalities and there is a range of different tools that the authorities can use to ensure that the trees are taken care of in both spatial planning, development of areas and in the daily operations of the urban forest. By using the various methods and tools that the public authorities have, the government can ensure a robust long-term management. This applies to both policies and political and administrative prioritization.

The thesis is a contribution to the field of urban tree management, and a basis for discussion of further development of both governmental, regional and municipal tree management.

# Innhold

<b>1. Introduksjon</b>	
1.1 Innleiing	9
1.2 Problemstilling og mål	10
1.3 Avgrensing av oppgåva	11
1.4 Oppgåva si oppbygging	12
<b>2. Bakgrunn</b>	
2.1 Innleiing	15
2.2 Fordelane med tre i tettbygde strøk	15
2.3 Utdringar med tre i tettbygde strøk	18
2.4 Kvifor prioritere tre?	19
<b>3. Juridiske rammer</b>	
3.1 Innleiing	21
3.2 Internasjonale avtalar	22
3.3 Plan- og bygningslova	22
3.4 Naturmangfaldlova	27
3.5 Kulturminnelova	30
3.6 Veglova	31
3.7 Vassressurslova	31
3.8 Grannelova	32
3.9 Privatrettsleg vern av tre	33
<b>4. Teoretisk tilnærming</b>	
4.1 Innleiing	35
4.2 Grøntforvalting i Noreg	35
4.3 Parkforvalting	35
4.4 Langsiktig treforvalting	41
<b>5. Metode</b>	
5.1 Val av metode	43
5.2 Val av caseområde	43
5.3 Litteratursøk	44
5.4 Dokumentanalyse	44
5.5 Semistrukturerte intervju	45
5.6 Utval	46

5.7 Analyse av funn	47
5.8 Metodekritikk	48
5.9 Etske avvegingar	49
<b>6. Resultat og funn</b>	
6.1 Innledning	51
6.2 Introduksjon til caseområda	52
6.3 Statlege føringar	56
6.4 Regionale føringar	60
6.5 Interkommunale føringar	62
6.6 Kommunale føringar	63
6.7 Andre funn	69
<b>7. Analyse og diskusjon</b>	
7.1 Innleiing	73
7.2 SWOT - analyse	73
7.3 Strategisk nivå	78
7.4 Taktisk nivå	80
7.5 Operasjonelt nivå	81
7.6 Korleis skil Bergen og Stavanger seg frå kvarandre?	82
<b>8. Oppsummering og konklusjon</b>	
8.1 Korleis vert tre forvalta av offentlege styresmakter i Noreg?	85
8.2 Ønsker for framtida	86
8.3 Vidare studiar	86
<b>9. Tilrådingar for forvaltning av tre</b>	
9.1 Innleiing	89
9.2 Nasjonalt nivå	89
9.3 Regionalt nivå	91
9.4 Kommunalt nivå	92
Litteraturliste	94
Figurliste	102
Vedlegg	104
Intervjuguide	
NSD	
Dokumentanalyse	



*Figur 1.1: (Eige foto).*

# 1

## INTRODUKSJON

1.1 Innleiing

1.2 Problemstilling og mål

1.3 Avgrensing av oppgåva

1.4 Oppgåva si oppbygging



## I.1 INNLEIING

Store, vitale tre er noko av det vakraste som finns i bybildet. Dei skapar rom ved å danne grønne tak og veggjar rundt menneskja som brukar byen. Som ei av organismane som lev lengst på jorda, er tre viktige element i folk sine liv (Statens vegvesen, 2006). Tre blir ofte betydeleg eldre enn menneske, og det tek fleire tiår før eit tre blir stort og får store, ruvande trekruner. Det er nettopp derfor det er særleg viktig å ta omsyn til trea som finns og å sikre at dei kan leva vidare. Å plante eit tre er ein stor investering i framtida og ei gåve til komande generasjonar dersom dei får vekse seg store og gamle.

### AKTUALITET

Klimaendringane er i dag ei av verdas største utfordringar. Det følger med seg blant anna meir ekstremvær, hetebølger og styrtregn. FN sin klimarapport peikar på planting av tre som eit viktig klimatiltak (Miljødirektoratet, 2022). Tre kan bidra til å begrense verknadane av klimaendringane både gjennom overvannshåndtering, temperaturregulering, opptak av vatn, reduksjon av forurensing m.m.

I Oslo lev eit bytre i gjennomsnitt berre 30 år (Rasmussen, 2021). Det vil seie at dei fleste tre ikkje får vekse opp å bli store, og vert fjerna før dei har fått krevd sin plass. Tre kan bli fleire hundre år gamle dersom dei får stå i fred og får tilgang til tilstrekkeleg med vatn, luft og næring. I urbane område lev dei under harde kår i ekstreme miljø, som skil seg mykje frå korleis tre lev i naturen.

Tre engasjerer og ofte ser ein artiklar og lesarinnlegg om tre som har vorte fjerna til fordel for utbygging av til dømes ledningsnett under bakken, sykkelveggar eller bygningar. Saman med eit auka fokus på å gjera byane grønare, både med tanke på klimagassutslepp, klimatilpassing, og meir natur inn i byane, er tre i by svært aktuelt. Med auka urbanisering, der fleire bur i byar og har det som heim, oppvekststad og arbeidsplass, blir det viktigare at byane og tettstadane kan dekkje behovet mennesker har for natur og grønne uteområde.

## FORVALTING AV TRE

Forvaltning handlar, i følgje Store norske leksikon (2022), om å “nytta, ta vare på eller administrera eigenskapar, ressursar eller goder”. Offentleg forvaltning omhandlar offentlege organ som stat, fylke og kommunar som arbeidar med bruk og administrering av offentlege ressursar.

I Noreg er det kommunane som har ansvaret for forvaltning av tre. Då det finns lite føringar for korleis dette arbeidet skal gjerast, er det stor variasjon i praksis frå kommune til kommune (Fognar et al., 2019). Dei fleste kommunane manglar tydelege føringar for korleis trea deira skal forvaltast, og mange kommunar har ingen forvaltningsplan for trea. Dette gjer trebestanden meir sårbar då ein manglar tydelege føringar for korleis trebestanden skal utviklast vidare.

Likevel har fokuset på tre dei siste åra auka, og ein ser i større grad at ein innarbeida tre i kommuneplanar, reguleringsplanar og andre førande dokument. Nokre av dei største kommunane har også utarbeida eigne strategiar og planar for forvaltning av tre og har ambisiøse planar for trebestanden sin.

Det er produsert lite litteratur som omhandlar forvaltning av tre i norske kommunar og korleis dette vert utført i praksis. Likevel finst det både norske og internasjonale studiar som har sett på tilgrensande tema, slik som forvaltning av grøntområde. Fognar et al., 2019, framhevar at grøntforvaltinga i Noreg er prega av operasjonell planlegging, med eit manglande strategisk og langsiktig overblikk.

På bakgrunn av den store variasjonen i praksis, og den auka merksemda rundt temaet, vil eg i denne oppgåva sjå på eksempelkommunar som har arbeidd mykje med forvaltning av tre og gi eit overblikk over kva erfaringar som har kome ut av dette arbeidet og kva andre kommunar kan læra av dei.

## 1.2 PROBLEMSTILLING OG MÅL

Problemstillinga byggjer på ein hypotese om at forvaltinga av tre i norske kommunar er svært mangelfull, og at det er både eit ønske og eit potensiale for å forvalte trea betre. Då det finst lite rettleiingsmaterieill på temaet er det truleg uklart kva som er rekna som god nok forvaltning av trea i kommunen.

Føremålet med oppgåva er å finne ut korleis tre vert forvalta i Noreg. I forlenging av dette vil det vera naudsynt å sjå på korleis praksis rundt dette er i dag, og kva verktøy kommunane har tilgjengeleg for å sikre at trea vert forvalta og ivaretekne på ønska måte.

Problemstillinga som skal gjerast greie for i oppgåva er :

Korleis vert tre i byar og tettstadar forvalta av offentlege styresmakter i Noreg?

## I.3 AVGRENSING AV OPPGÅVA

Oppgåva tek føre seg forvaltning av tre med utgangspunkt i to utvalgte casekommunar. Treforvaltning i kommunar tek mest omsyn til tre i tettbygde strøk, slik som i parkområder, i gater og vegar og på torg og plassar. I tillegg vil det inkludere enkeltstående tre og tre på privat eigedom. Tre som står i tettbygde strøk har større behov for ein meir styrt forvaltning då desse har fleire utfordringar og er meir truga av utbygging, enn tre i naturområde.

Sjølv om oppgåva tek føre seg forvaltning av tre som heilheit, vil ikkje oppgåva omfatte treforvaltning av tre i skog og naturområde i like stor grad då dette er eigne fagområde: skogforvaltning og naturforvaltning. Men då det er tilgrensande felt, kjem oppgåva likevel litt innpå det, men i begrensa omfang. Oppgåva har derfor hovudfokus på tre i tettbygde strøk. Oppgåva går heller ikkje vidare inn på skjøtsel og vedlikehald og den praktiske delen av trepleiefaget.

Hovudfokuset for oppgåva har vore kommunal forvaltning, då det er kommunane som har hovudansvaret for forvaltning av tre. Likevel har det vore naudsynt å forstå samanhengane og rammene som kommunane jobbar innanfor, og oppgåva vil derfor også ta føre seg lover og overordna føringar frå statleg og regionalt nivå.

## I.4 OPPGÅVA SI OPPBYGGING

### **KAPITTEL 1 - INTRODUKSJON**

Oppgåva startar med eit innleiande kapittel som viser kvifor tre er eit viktig og aktuelt tema. Kapitlet forklarar målet med oppgåva og peikar ut ein problemstilling.

### **KAPITTEL 2 - BAKGRUNN**

Kapittel to dannar bakgrunnen for oppgåva, og tek føre seg kva som gjer tre viktige i bymiljø og kva som er dei viktigaste utfordringane for tre i tettbygde strøk. Kapitlet vert avslutta med ein oppsummering som set søkjelys på kvifor ein bør prioritere tre.

### **KAPITTEL 3 - JURIDISKE RAMMER**

Dette kapitlet tek føre seg dei juridiske rammene som legg føringar og gir verktøy for forvaltning av tre. Det omfattar dei lovene som regulerer tre med eigne paragrafar, og lover som gir forvaltinga verktøy som kan brukast dersom dei ønskjer å vedta eller utarbeide eigne føringar for tre.

### **KAPITTEL 4 - TEORETISK TILNÆRMING**

Litteraturkapitlet tek føre seg forskning som er utført og som har relevans for temaet tre i tettbygde strøk og for problemstillinga. Då det har vore lite forskning konkret på forvaltning av tre i Noreg, er også internasjonal litteratur om parkforvaltning nytta. Kapitlet tek først føre seg litteratur om grøntforvaltning og parkforvaltning før litteratur om treforvaltning spesifikt vert introdusert.

### **KAPITTEL 5 - METODE**

I oppgåva er det brukt to ulike metodar for å kunne finne svar på problemstillinga, og består av ein dokumentanalyse og semistrukturerte intervju. Kapitlet inneheld ei grunngeving for val av metode, ein gjennomgang av dei utvalde metodane og vurdering av metodane.

### **KAPITTEL 6 - RESULTAT OG FUNN**

Kapittel seks tek føre seg dei mest relevante funna frå dokumentanalysen og intervju. Kapitlet er strukturert etter forvaltingsnivå, med statleg nivå først, deretter regionalt, og til slutt kommunalt nivå. Funna vert drøfta med utgangspunkt i gjennomgått litteratur, og er strukturert etter strategisk parkforvaltingsmodell presentert i kapittel 4. Til slutt vert funna systematisert i ein SWOT-analyse, før kapitlet vert oppsummert.

## **KAPITTEL 7 - ANALYSE OG DISKUSJON**

Kapittel sju oppsummerer oppgåva med konklusjonar på problemstillinga. Kapitlet er strukturert etter strategisk parkforvaltingsmodell og vert delt inn i strategisk, taktisk og operasjonelt nivå.

## **KAPITTEL 7 - ANALYSE OG DISKUSJON**

Ein SWOT- analyse er nytta for å strukturere funna. Denne og resten av kapitlet er strukturert etter parkforvaltingsmodellen og viser funn og betraktningar på dei ulike nivåa. Kapitlet vert oppsummert med ei samanlikning av dei to caseområda.

## **KAPITTEL 8 - OPPSUMMERING OG KONKLUSJON**

Kapittel sju oppsummerer oppgåva med konklusjonar på problemstillinga. Kapitlet er strukturert etter strategisk parkforvaltingsmodell og vert delt inn i strategisk, taktisk og operasjonelt nivå.

## **KAPITTEL 9 - TILRÅDINGAR FOR FORVALTING AV TRE**

Avslutningsvis vert det drøfta korleis det offentlege kan verte betre på å sikre at alle tre vert forvalta på ein god måte. Kapitlet listar opp aksjonar kvar enkelt del av dei offentlege styresmaktene kan ta for å leggja til rette for god forvaltning av tre.



*Figur 2.1: (Eige foto).*

# 2

## BAKGRUNN

### 2.1 Innleiing

### 2.2 Fordelane med tre i tettbygde strøk

### 2.3 Utfordringar med tre i tettbygde strøk

### 2.4 Kvifor prioritere tre?

## 2.1 INNLEIING

I dette kapitlet skal eg gjere greie for bakgrunnen for at arbeid med tre er viktig i tettbygde strøk. Dette skal skape eit bakteppe for resten av oppgåva og gi ei breiare forståing for både kva som er føremålet med å ha tre i byområde og utfordringane som gjer arbeidet med dette komplekst og annleis enn forvaltning av tre i naturområde.

## 2.2 FORDELANE MED TRE I TETTBYGDE STRØK

Det finns svært mange gode grunnar til å plante tre i tettbygde område. Med klimaendringane og dei følgjene det er venta å få, vil tre kunne ha ein viktig rolle for å redusere nokre av dei negative verknadane.

### **GODER FOR MENNESKJER**

#### **Livskvalitet og rekreasjon**

Grøntareal er viktige som møtestader der folk kan treffast og opphalde seg. Dei legg til rette for sport og spel, og kan gi naturopplevingar for dei som ferdast der (Stiftung Die Grüne Stadt, 2014).

#### **Folkehelse og trivsel**

Tre bidreg positivt på folkehelsa. Forskning viser at pasientar som har utsikt til tre og grøntområde vert fortare friske, enn pasientar som ikkje har slik utsikt. Menneskjer som bur i nabolag med mange tre er også vist å vera meir aktive, og i mindre grad overvektige. Også høgt blodtrykk og fedme gjer seg mindre gjeldande blant befolkinga i område med mykje tre (Stavanger kommune, 2019). Tre har også ein psykologisk effekt og kan gi mental støtte og ro (Bentley, 2015).

#### **Estetisk verdi**

Tre sin estetiske verdi varierar frå art til art og frå årstid til årstid. Nokre tre kan ha rike haustfargar, mens andre har blomster, vakkert bladverk, spesiell stamme, eller ei oppsiktsvekkande vekseform. Vegetasjon kan også nyttast til å skjula negative visuelle effektar av stygge element i byen (Statens vegvesen, 2016).

#### **Identitet**

Då tre kan bli langt eldre enn menneskjer, kan dei representere kontinuitet og vere viktige identitetsmarkørar som bidreg til stadsidentitet og gjennkjennbarheit (Stavanger kommune, 2019). Tre kan og formidla kulturhistorie og referere tilbake til trendar i hagekunsten ved at ein kan kjenna att treslag og beplantingsmønster som er typiske for ei viss tidsperiode.

## **Romverknad**

Store trekruner skapar romverknadar ved å lage grøne tak og veggjar. Dei kan bidra til attraktiv utforming av gater, bustadområder og torg med gode rominndelingar i uteområde.

## **Matproduksjon**

Frukt, frø, blomster og nøtter kan bidra til matauk i byane. Sjølv om nytten vil ha lite omfang, vil det vera både lærerikt og spennande å leite etter frukt for både barn og vaksne (Stiftung Die Grüne Stadt, 2014). I tillegg til å gi menneskjer mat, brukar også dyr, fulgar og insekt ulike komponentar på tre som næring.

## **Kunnskap og læring**

Tre bidreg til kunnskap om naturen og naturen sine prosessar. Tre kan læra oss både om sesongar, matproduksjon, opptak av vatn og mykje meir.

## **GODER FOR NATUREN**

### **Biodiversitet**

Tre skapar levestadar for mellom anna sopp, moser, lav, insekt, mikroorganismar, fuglar og flaggermus (Stiftung Die Grüne Stadt, 2014). Det gjeld spesielt for eldre tre og hule eiker som difor er peikt ut som særskilt betydningsfulle.

## **REDUSERE VERKNADAR AV KLIMAENDRINGAR**

### **Handtering av overvatn og regulering av grunnvatn**

Store tre kan ta opp fleire hundre liter vatn på ein dag, og dermed redusere oversvømming ved kraftige regnfall. Vatn blir teke opp av trea, eller legg seg på blad slik at vatnet vert midlertidig lagra før det renn vidare til overvatnsystemet. Dette bidreg til å avlasta avløpssystemet, og reduserer kostander for vedlikehald av dette. Vatnet som hamnar ved tre vert rensa gjennom infiltrasjon i bakken før det sig ned til grunnvatnet. Denne prosessen bidreg til å oppretthalde grunnvansstranden samstundes som vatnet vert rensa. I bymiljø med mykje tette flater, vil vekseområda til trea bidra til meir infiltrasjonsområder der vatn kan finne vegen til grunnvatnet.

### **Erosjonsikring**

Vegetasjon held massar på plass og hindrar utgliding, gjennom at røtene bind saman jorda.



## **Co2-regnskap**

Tre tek opp Co2 og produserer oksygen gjennom fotosyntesen. Det bidreg til å binde klimagasen gjennom at karbon blir lagra i treverket. Kwart år kan eitt einskild tre binde opptil 150 kg Co2 (Stavanger kommune, 2019).

## **Luftkvalitet**

Blad og nåler på tre bind partiklar og reduserer svevestøv og anna luftforureining. Til dømes kan eit tre med ein diameter på kruna på 14 meter binde 1000 kg støv per år. Vintergrøne bartrær rensar luft like effektivt heile året, i motsetning til lauvtre som er avhengig av bladverket for denne funksjonen (Stavanger kommune, 2019).

## **Mikroklima**

Vegetasjon regulerer mikroklimaet gjennom å begrense ekstremtemperaturar og oppretthalde luftfuktigheit (Stiftung Die Grüne Stadt, 2014). Tre har stort potensiale for å kjøle ned byane då dei skapar både skygge og evapotranspirasjon. Byområder med mykje tre kan redusere temperaturen med 2-8 grader (Stavanger kommune, 2019).

## **Vindbeskyttelse**

Vegetasjon kan brukast som leplanting for å skape ein barriere mot vind. Dette kan redusere vindhastigheit betrakteleg og redusere verknaden av vindtunnelar. Denne effekten er likevel avhengig av bladverket på trea, og vert redusert på vinteren.

## **REDUSERER NEGATIVE VERKNADAR AV URBANISERING**

### **Trafikkdirigering**

I trafikksituasjonar kan tre fungere som rettleiande element for å signalisere for trafikkantar og fotgjengarar korleis dei skal bevege seg.

### **Støybeskyttelse**

Vegetasjon kan ha ein psykologisk støyreducerande effekt. Det reduserer ikkje den målbare støynivået, men kan endre frekvensen og hindre sikt til støykilda, slik at støyen blir opplevd som redusert.

## **ANDRE FORDELAR**

### **Eigedomsverdi**

Nær parkar og grøntområde stig verdien på eigedommar (Stiftung Die Grüne Stadt, 2014). I følgje Bentley (2015) er tre ofte ulikt distribuert i byområde. Der befolkninga har høgare inntekt og utdanning finns det fleire tre, enn i område prega låg sosioøkonomisk status.

## 2.3 UTFORDRINGAR MED TRE I TETTBYGDE STRØK

Tre som er planta i tettbygde strøk er utsett for ei rekkje utfordringar, og lev ofte kortare og hardare liv enn tre i naturen.

Bytre har ofte liten plass til å utfalde seg og vekse. Over bakken kan dei vere begrensa av bygningar og trafikk som er tett inntil treet, og gjer at greiner må beskjerast, og treet ikkje kan la greinene gro fritt. Under bakken er det ofte mykje infrastruktur som vassledningar, kablar, straumledningar osv. som set begrensingar for kvar røtene kan veksa. Tre sine røter tilsvarar minst størrelsen på kronevolumet. Begrensa jordvolum reduserer tre sin vekst og gir treet mindre tilgang til næring, luft og vatn. Jorda i bymiljø er også ofte komprimert, noko som begrensar lufttilgang og er dårleg for rotutviklinga. Det kan skje på grunn av blant anna hard bruk, tråkk og ferdsel (Stavanger kommune, 2019).

Bymiljø har ekstra utfordringar med forureining frå salting av vegar og forureina luft som påverkar trea. Byane er også varmare og gir meir ekstreme levekår for trea, med meir tørke og stress. Sidan byane gir heilt andre vekstvilkår for trea enn naturområde, kan andre artar trivst i byar enn dei som lev i naturområdene rett utanfor byen (Slinde & Valheim, 2021). Bytre er også utsett for fysiske skadar frå påkjørslar frå køyretøy, maskiner og grasklypparar (Stavanger kommune, 2019). Alle desse faktorane gir treet stress som kan svekkje treet på sikt og gjere det meir utsett for sjukdomsangrep, sopp og skadedyr.

Samanlikna med andre element i byen, har tre lang levetid. Både bygningar, ledningar, vegar og anna infrastruktur treng hyppige oppgraderingar. Byggeprosjekter og graving i rotsona er ei stor belastning for tre, og mange tre blir svekka, skada eller må fellast på grunn av dette. Tre får derfor sjeldan levd like lenge i by som i sine naturlege vekstmiljø.

Sidan tre er så utsett i byar, krev dei meir skjøtsel og vedlikehald enn tre i naturområde. For å sikre at ein kan ha tre i byar er det viktig å forvalta trea godt slik at ein unngår at dei vert forringa og skada, og at dei får tilgang til dei ressursane dei treng for å leve. Dersom eit tre trivst og har det godt, lev dei lengre og kan få ein viktigare plass i bybildet.

## 2.4 KVIFOR PRIORITERE TRE?

Til trass for at tre i tettbygde strøk byr på nokre ekstra skjøtsels- og vedlikehaldskostnadar, gir tre ei rekkje positive tilskot. Både ressursane og omtanken som blir lagt i å ta vare på naturen, gir verdi tilbake for både mennesker og dyr. Av omsyn til blant anna estetikk, trivsel, klima og natur bør ein leggje inn innsats for å ta vare på og etablere nye tre i tettbygde strøk. I tillegg er det store kostnadar knytta til å plante nye tre, og det vil ofte lønne seg å ta vare på eksisterande tre og sikre at dei trivst framfor å byte dei ut.



*Figur 2.2: Tre har og mykje prydverdi på vinteren (Foto: Ellen Njøs Slinde)*



*Figur 3.1: (Eige foto).*

# 3

## JURIDISKE RAMMER

3.1 Innleiing

3.2 Internasjonale avtalar

3.3 Plan- og bygningslova

3.4 Naturmangfaldlova

3.5 Kulturminnelova

3.6 Veglova

3.7 Vannressurslova

3.8 Grannelova

3.9 Privatrettsleg vern av tre

## 3.1 INNLEIING

Lovverket set rammer for korleis tre kan forvaltast. Det regulerer både privateigde tre og offentlege tre gjennom dei ulike lovene. Lovverket gir også rammer for kva verktøy kommunar, fylke og stat kan bruke i det juridiske arbeidet med vern av tre.

I dette kapitlet vert lovene som er relevant i samband med trea sitt rettslege vern gjennomgått. Kapitlet tek først føre seg internasjonale avtalar som Noreg har forplikta seg til gjennom internasjonale samarbeidsavtalar. Desse lovene er ikkje juridisk bindande, men dei gir føringar for utviklinga av jussen i Noreg. Deretter går eg gjennom lover som legg rammeverk for korleis tre kan forvaltast av stat, fylke og kommune. Dette inkluderar plan- og bygningslova, naturmangfaldlova, kulturminnelova og veglova. Så vert lover som har egne føresegner om tre og som får direkte verknadar for tre gjennomgått; vannressurslova og grannelova. Til slutt går eg gjennom kva lover som regulerer korleis privatpersonar kan påverke forvaltinga av tre.

## 3.2 INTERNASJONALE AVTALAR

Gjennom internasjonale avtalar er Noreg forplikta til å følgje ulike internasjonale konvensjonar. FN-konvensjonen om biologisk mangfald forpliktar FN sine medlemsland til å arbeide saman for å sikra at naturmangfaldet vert ivareteke (Bugge, 2015, s. 274). Dei biologiske ressursane skal forvaltast på ein måte som fremjar vern av økosystem og artar i deira naturlege leveområde, jf. Konvensjonen sin artikkel 8d.

Den europeiske “Konvensjonen om vern av ville europeiske planter og dyr og deres leveområder” (Bernkonvensjonen) forpliktar Noreg til å arbeide mot å hindra tap av planter og deira leveområder, samt å skape intereuropeisk samarbeid for å nå dette målet (Bugge, 2015, s. 274). Gjennom artikkel 3, er Noreg forplikta til å ta omsyn til bevaring av naturleg flora i arealplanlegging, utbygging og tiltak mot forureining (FN, 1992). Dei internasjonale lovene set altså rammer som kan påverke korleis me tek vare på artar i Noreg. For tre vil det ifølgje ordlyden berre vere truga treartar eller tre plassert i områder med ein truga naturtype ein skal ta særskilt omsyn til etter denne konvensjonen. Det vil dermed være opp til Noreg sjølv korleis ein vel å ta omsyn til natur som ikkje er særleg sårbar eller truga.

## 3.3 PLAN- OG BYGNINGSLOVA

### FØREMÅLET MED LOVA

“Lov om planlegging og byggesaksbehandling” (plan- og bygningslova) av 27. juni 2008, nr 71, omhandlar planlegging av areala me har i Noreg og korleis ein skal bruka og verna ressursane våre. Ifølgje føremålsparagrafen (§1) skal lova “fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og fremtidige generasjoner”. Det vert vidare i fjerde ledd presisert at ein skal leggje vekt på langsiktige løysingar og at konsekvensar for miljø og samfunn skal skildrast. Også estetisk utforming av omgjevnadane er i femte ledd trekt fram som eit viktig omsyn. Lova skal sikre at naturgrunnlaget og naturmangfaldet ikkje vert forringa (Bugge, 2015, s. 190).

### STATLEG PLANLEGGING

Statlege sektormyndene har ansvar for at mål, planar og oppgåver vedteke av Stortinget og i Regjering blir teke omsyn til i regional og kommunal planlegging (Bugge 2015, s. 196). Dei har jf. §3-5 ansvar for å fatte planvedtak og lage planretningslinjer som skal sikre at nasjonale og regionale interesser vert ivaretekne i planlegginga. Dette vert gjort gjennom nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging, statlege planretningslinjer, statlege planføresegner og statlege arealplanar. Dei har og moglegheit til å fremje motsegn dersom planar er i strid med retningslinjene, og på denne måten sikrar dei statlege styresmaktene at kommunar og fylke ikkje vedtek noko som er i strid med staten sine ønskjer (Bugge, 2015, s. 196).

## REGIONAL PLANLEGGING

Regionale planstyresmakter skal ifølgje §3-4 vedta regional planstrategi, regionale planar og regionale planføresegner. Dei kan også utarbeide planføresegner i samsvar med §8-5 som skal sikre at regionale og nasjonale hensyn og interesser vert ivaretekne.

Fylkeskommunen har ansvar for regional utvikling og planlegging, inkludert regionalt planforum. Regionalt planforum er eit aktuelt forum for å drøfte kommunale plansaker og konsekvensane for tre. Fylkeskommunen har også ansvar for å rettleia kommunane i planlegging etter plan- og bygningslova, og lyt derfor vera oppdaterte på korleis tre vert forvalta gjennom plansystemet. I tillegg har fylkeskommunen ansvar for mellom anna vidaregåande skular, kultur, folkehelse og samferdsel.

## KOMMUNAL PLANLEGGING


Det er kommunen som har hovedansvaret for kommunal arealplanlegging. Kommunen skal i følgje §3-3 leia den kommunale planlegginga, vedta kommuneplanar og reguleringsplanar og syte for at plan- og bygningslova vert følgd.

Kommunen må ha en planstrategi jf. §10-1 som omhandlar korleis kommunen skal utviklast, til dømes med omsyn til arealbruk og miljø. Planstrategien definerer kva planar kommunen treng å utarbeide i komande kommunestyreperiode.

Kommunane sin kommuneplan er delt i ein samfunnsdel og ein arealdel. Samfunnsdelen tek føre seg langsiktige utfordringar, mål og strategiar kommunane skal ta omsyn til som organisasjon og som heilheit, jf. §11-2. Samfunnsdelen skal ha ein kopling mot økonomiplanane der det vert sett av midlar til dei ulike oppgåvene som kommunen har. I økonomiplanane vert det dermed avgjert kor mykje pengar som vert sett av til eksempelvis grøntforvaltning og forvaltning av tre.

Kommuneplanen sin arealdel operasjonaliserer kommunen sine mål og viser korleis kommunen skal utvikle seg i framtida med omsyn til arealbruk og arealdisponering, jf. §11-5. Kommuneplanens arealdel omfattar både planføresegner, planbeskrivelse og plankart der hovedføre mål og omsynssoner for bruk og vern av areala skal visast. Det er hovedsakeleg arealdelen som omhandlar fysiske mål og planar, og her er det er moglegheit for å styre utviklinga av grøntområda, inkludert treplanting og treforvaltning.

Kommuneplanen sin arealdel delar arealet inn i arealføre mål med underføre mål og omsynssoner, og angir tilhøyrande førese gner, jf. §§11-7 til 11-11. Omsynssoner kan brukast for å angi områder med fare, risiko eller sårbarheit jf. §§ 4-3 og 11-8, og ha tilhøyrande førese gner og retningslinjer knytt til seg. For tre og grøntanlegg er særleg bokstav c “sone med særlig hensyn til landbruk, reindrift, mineralressurser, friluftsliv, grønnstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø” relevant. §11-9 nr 6. opnar opp for at ein kan vedta førese gner om “miljøkvalitet, estetikk, natur, landskap og grønnstruktur” uavhengig av arealføre mål. Dette legg til rette for at kommunane kan legge inn førese gner som omhandlar tre både av hensyn til estetikk, natur eller landskap og grøntstruktur. §11-11 nr 5. legg til rette for at kommunar kan leggje inn førese gner for områder i 100-metersbeltet langs vassdrag. Vidare kan ein gi førese gner for å sikra og oppretthalde kantvegetasjon, jf. andre pkt.



Figur 3.2: Plansystemet i kommunen. Illustrasjon basert på Regjeringen (u.å.).

## REGULERINGSPLANAR

Reguleringsplanar skal på same måte som kommuneplanens arealdel vise framtidig bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgjevnadar, jf §12-1. Reguleringsplanar er meir detaljerte og gjeld mindre områder, enn kommuneplanen. Kommuneplanens arealdel vert revidert jamleg, i motsetning til reguleringsplanar som er meint å vera gjeldande i lang tid framover. Gjennom reguleringsplanar kan ein sikre kvalitet i byggeprosjekt, løyse arealkonfliktar og sikre at ein tek vare på natur og miljø (Bugge, 2015, s. 211). Reguleringsplanar skal utarbeidast der kommuneplanen eller lova krever det, der det er “behov for å sikre forsvarlig planavklaring og gjennomføring av bygge- og anleggstiltak” og før utbygging av “større bygge- og anleggstiltak og andre tiltak som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn”, jf. §12-1 tredje ledd.



## OMRÅDEREGULERING OG DETALJREGULERING

Lova skil mellom områderegulering, jf. §12-2 og detaljregulering, jf. 12-3. Områderegulering er meint å dekkje større områder og kan brukast dersom ein treng å gjera avklaringar på eit meir overordna nivå, enn i detaljreguleringsplanane (Bugge, 2015, s. 213). Kommunen kan gjennom kommuneplanens arealdel krevje at dette skal utarbeidast (ibid), og kan enten utarbeide områdereguleringsplanane sjølve, eller overlate det til andre myndigheiter eller private aktørar, jf. §12.2, tredje ledd. Detaljreguleringsplaner omhandlar mindre areal, og vert ofte fremja av private aktørar, jf §12-3. For å unngå at private aktørar får for mykje makt over utbygginga i ein kommune gjennom private reguleringsplanar er det viktig at kommunen har utarbeida ein gjennomarbeidd kommuneplan som legg rårer for utbygginga slik at ein sikrar at natur og miljøsyn vert ivareteke (Bugge, 2015, s. 213).

## FØREMÅL I REGULERINGSPLANAR

I likheit med kommuneplanen, skal ein også i reguleringsplanar fastsette arealføremål. Dei kan kombinerast, delast opp i underføremål og inkludera omsynssoner. Lova sin “herunder” formulering legg opp til at også andre underføremål enn dei som er lista opp under kvart enkelt føremål kan nyttast (Bugge, 2015, s. 214). Føresegner om tre kan til dømes både inngå i punkt 1 bebyggelse og anlegg med underføremål uteoppholdsareal, punkt 3 om grønstruktur, punkt 5 om LNFR-områder (Landbruks-, natur- og friluftsføremål samt reindrift) og punkt 6 om bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone. Omsynssoner frå kommuneplanen sin arealdel skal implementerast i reguleringsplan, men ein kan også tilføre nye omsynssoner på reguleringsplannivået (Bugge, 2015, s. 214). Ein kan til dømes regulere eit tre til bevaring i plankartet, eller eit større område med fleire tre som ei hensynssone. Det er viktig å ta omsyn til heile rotsona dersom tre skal regulerast til bevaring for å sikra at treet overlev byggeperioden. I samband med arealføremåla og omsynssonene kan det også utformast føresegner, jf §12-7. Dei kan omtala både utforminga og bruken av arealet som blir regulert (Bugge, 2015, s. 215).

## DISPENSASJON

Plan- og bygningslova sitt kapittel 19 omhandlar dispensasjon. §19-1 opnar opp for at kommunen kan gi dispensasjonsløyve frå vedteke planar etter søknad. Dette kan i følge §19-2 vera enten varig eller midlertidig. Det er også opna for at det kan setjast vilkår til dispensasjonsløyvet, jf. andre ledd. På denne måten kan ein etter vedteken plan tilpassa tiltaket til nye omsyn, eller unngå krav som seinare viser seg vanskeleg eller urimeleg å etterleva. Likevel kan ein ikkje dispensera dersom omsyna, føremålet eller nasjonale eller regionale interesser vert vesentleg tilsidesett. Med grunnlag i §19-1, kan ein altså få moglegheit til å fråvika krav, også dei som omhandlar tre, både i plankart, føremål og føresegnene knytt til temaet.

## BYGGJESAK

Fjerde del i plan- og bygningslova omhandlar byggesak (§§20-1 til 31-8). Lova sin §20-1 listar opp alle tiltak som må byggesakshandsamast. Byggesøknadane vert vurdert ut i frå gjeldande planar og føringar og skal sikre at tiltak tek omsyn til kommunen sine fastsette mål. Reglane omfattar i dei fleste tilfeller alle tiltak der ein skal byggja noko. Også dersom ein skal gjere større terrenginngrep eller anlegge veg eller parkeringsplass. Endringar på uteområde som ikkje omfattar større terrenginngrep, treng ein altså ikkje søke til kommunen om. Det vil seie at ein i dei fleste tilfeller kan gjere det ein vil også med tre som står på eigen eigedom etter denne lova.

Når ein reguleringsplan er vedteken, og alle rammene for utbygginga er fastsett, startar ofte ein siste del av planlegginga og utarbeiding av teikningar av tiltaket til byggesøknad. Her vert alt detaljert ut og ein gjer klar teikningar som er byggbare. Her finn ein ut i detalj korleis terrenget vert påverka, og kor mykje ein må grava på tomta. Dette har mykje å seie for dei eksisterande trea, då det er her det vert endeleg avdekka kor nær trerøtene ein må grava, og dermed kva tre som realistisk sett kan bevarast. Også nye tre vert her planlagde inn, dersom det ikke er bestemt noko konkret om nye og eksisterande tre i kommuneplanen eller i reguleringsplanen. Det er ingen krav som seier at tre må målast inn, og i nokre tilfeller startar ein bygging utan at eksisterande tre vert kartlagt med nøyaktig plassering. Då vert det vanskeleg å syte for at trea vert teke vare på.

## UTREDNINGSKRAV

Eit av måla med plansystemet som plan- og bygningslova legg opp til, er å kartlegge alle omsyn og interesser slik at ein finn best mogleg løysingar på arealbruken for alle involverte (Bugge, 2015, s. 191). For å kunne ta stilling til alle omsyn, er det viktig å ha eit godt kunnskapsgrunnlag. §2-1 sier at “kommunen skal sørge for at det foreligger et oppdatert offentlig kartgrunnlag for de formål som omhandles i loven”, dette vil også gjelde kartlegging av grøntområder, inkludert trebestanden. “Skal”-formleringa gjer dette til eit krav som kommunane lyt halde.

Kommuneplanar og reguleringsplanar som kan få “vesentlege verknader for miljø og samfunn” har jf. § 4-2 andre ledd, krav om utarbeiding av konsekvensutreiing. Her skal det framgå kva konsekvensar planane har for miljø og samfunn og på denne måten sikra at ein tek omsyn til naturen i planlegginga av nye tiltak. I tillegg vert det utløyst krav om planprogram, jf. §4-1 dersom planar kan få “vesentlige virkninger for miljø og samfunn”. I planprogrammet skal det fastsetjast kva konkret innhald utreiingane skal innehalde. I konsekvensutreiinga har ein også moglegheit til å omtala konsekvensane tiltak vil få for trebestanden og korleis negative konsekvensar eventuelt skal handterast og begrensast.

Krav om medverknad jf. kapittel 5, samt krav om nabovarsel for reguleringsplanar jf. § 21-3 skal sikre at alle med interesse i planar og tiltak skal kunne uttale seg og komme med innspel om kva konsekvensar tiltaket vil ha for dei. Dette kan fungere som ein ekstra sikkerheitsventil der også naboar, organisasjonar og private aktørar får sjansen til å reagere dersom dei ser at tiltaket vil få negative konsekvensar.

## 3.4 NATURMANGFALDLOVA

“Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldlova) av 19. juni 2009 nr. 100”, er ifølgje Bugge (2015, s. 214) Noreg sitt viktigaste reiskap for å verne om naturen og sikre ei bærekraftig forvaltning av naturverdiane.

Naturmangfoldlova erstatta den tidelegare naturvernlova frå 1970 (lov 19. juni 1970 nr. 63). Den tidelegare naturvernlova opna for at ein kunne freda enkelttre (jf. §11), og mange tre er fortsatt freda etter denne lova (Treetts venner, u.å.). Trefredning var svært tid- og arbeidskrevjande for miljøvernstyresmaktene, og ein veit no at freding av enkelttre monnar vesentleg mindre økologisk sett, enn fredning av større naturområder. På bakgrunn av noverande kunnskap om samanhengane i økologien har ein med den nye naturmangfaldslova fjerna moglegheita for fredning av enkelttre. På den andre sida opnar den nye naturmangfaldslova for fleire verkemiddel som kan nyttast for å sikra at naturmangfaldet vert ivareteke.

Naturmangfaldslova blir også støtta av Grunnlova § 112 som omfattar alle si “rett til eit helsamt miljø og ein natur der produksjonsevna og mangfaldet blir haldne ved lag”. Paragrafen peikar vidare på viktigheten av ein langsiktig og heilskapleg tankegang. Det er i følgje tredje ledd dei statlege styresmaktene som skal forvalte dette ved å setje i verk tiltak som sikrar at dette vert følgd.

Føremålet med naturmangfoldlova er jamfør § 1, å sikre at “naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden...”.

Naturområder og naturførekomstar kan vera verneverdige ut i frå ein eller fleire av desse omsyna (Bugge, 2015 s. 241):

- økologiske funksjonar
- vitskapleg verdi
- opplevelsesmessige omsyn
- estetiske omsyn
- kulturhistorisk vurdering

Alle dei fem punkta over kan relaterast til tre eller ei gruppe av tre, og tre kan dermed vera verneverdige i samband med desse.

I samband med forvaltning av tre, er særleg §§ 4 og 5 relevante. Eit sentralt element er at både naturtypar, økosystem og artar skal ivaretakast i deira naturlege leveområde. Det vil seie at ein bør ta særskilt omsyn til treartar der dei har sitt naturlige leveområde. Det er også eit mål at artane skal førekomme i “levedyktige bestandar” i desse leveområda. Ordlyden i lova bruker ordet “mål”, noko som viser at lova er åpen for vurderingar etter forholda på staden. Dette kjem også fram i § 14 som seier at tiltak etter naturmangfaldlova skal “avveies mot andre viktige samfunnsinteresser”.

Vidare trekkjer lova og fram omsynet til domestiserte artar. §5 seier at ein skal ta vare på genmateriale til desse slik at ein kan sikre ressursgrunnlaget for framtida. Det vil seie at det ikkje berre er stadeigne artar lova er meint å verne om, men også artar som er utvikla særleg for å brukast i norske hagar og parkar.

Lova opnar for vern av områder gjennom kapittel V, gjennom oppretting av nasjonalparker, landskapsvernområder, naturreservat og biotopvernområde. Dette gjeld ofte for større områder, og blir ofte brukt for område utanfor tettstodområde. Kapittel VI omfattar utvalgte naturtypar. Det omhandlar omsyn til forvaltning av naturen utenfor verna område. Dersom det skal gjerast tiltak her, må ein vurdere konsekvensene for naturtypen eller området og korleis den vert påverka av tiltaket (Bugge, 2015 s. 279).

Bugge (2015 s. 276) trekkjer fram at lova gir forvaltningsorgana “hjemmel til å treffe nærmere vedtak gjennom forskrifter og enkeltvedtak, og trekke opp de rettslige rammene for slike vedtak”. Dette vil seie at det er opp til forvaltninga korleis forskrifter og vedtak som blir vedtekne, og det vil i stor grad være skjønnsmessige vurderingar basert på politiske prioriteringar som vert utslagsgivande for korleis naturen og naturen sine verdier i praksis vert forvalta. Likvel må vurderingane gjort av forvaltningsorgana vera i tråd med føremålet om “bærekraftig bruk og vern”, og §5 om genetisk mangfold og naturlige utbreiingsområde.

§§23 og 24 i naturmangfaldlova (2008) opnar for å peike ut “prioriterte artar” som opnar for å gi særskilte forvaltningsreglar for enkeltartar gjennom egne forskrifter. Desse vil gjelde for heile landet (Bugge, 2015 s. 283), og opnar dermed for ein meir heilskapleg freding, enn det ein til dømes kan fastsetta gjennom kommuneplanar og reguleringsplanar etter plan og bygningsloven. Dette verkemiddel er teke i bruk for fleire planteartar, men ennå ikkje for treslag (Store norske leksikon, 2021).

Naturmangfoldlova er ifølge Bugge (2015 s. 243) “et virkemiddel i statens vernearbeid”. Lova i seg sjølv sikrar ikke bevaring av naturen, men den gir heimel til å fatte vedtak om forvaltning av naturen. Det er dermed viktig at lova vert brukt på ein slik måte at den sikrar god forvaltning av naturmangfaldet (Bugge, 2015 s. 244). Statens naturoppsyn er til for å sikre at forvaltningsreglane og verneføresegnene etter lovverket vert følgde (Bugge, 2015 s. 245).

## FORSKRIFT OM UTVALTE NATURTYPAR ETTER NATURMANGFALDLOVA

Forskrift om utvalgte naturtyper etter naturmangfoldloven av 13. mai 2011 nr. 512 er særleg relevant for tre og har som føremål å ivareta spesielle naturtypar innanfor deira naturlege utbreiingsområde, jf. formålsparagrafen §1.

Forskrifta peikar ut hule eiker i §3 nr. 3 som ein utvalt naturtype. Med hule eiker er det meint ein av desse to alternativa:

- eiketree med ein diameter på 63 cm, tilsvarande ein omkrets på 200 cm, eller
- eiketree med ei synleg hule, med diameter på minst 30 cm, tilsvarande ein omkrins på 95 cm.

Måla skal gjerast i brysthøgde, det vil seie 1,3 m over bakken. Synleg hule er definert til å vera “eiketree med eit indre hulrom som er større enn åpningen og der åpningen er større enn 5 cm”.

Føresegna gjeld likevel ikkje eik i produktiv skog.

I tillegg peikar §3 ut lauvtree som er styva, og inngår i eit slåttemarksområde, kalklindeskog dominert av lind, hassel eller eik og olivinskog. Dersom ein er innanfor eit område med utvalgte naturtypar skal ein utøva særskild aktsomheit for å unngå “forringelse av naturtypen sin utbredelse og forekomsten sin økologiske tilstand” jf. §53 i naturmangfoldlova. Jf. § 5 i forskrifta om utvalde naturtypar (2009) er det krav om utarbeiding av handlingsplan for naturtypane. Forskrifta stiller med dette ingen konkrete krav til korleis ein skal handtere kvar enkelt naturførekomst, og det er opp til kva enkelt handlingsplan korleis dette vert forvalta i praksis.

## 3.5 KULTURMINNELOVA

Tre kan verta freda etter “Lov om kulturminner” (kulturminnelova) av 9. juni 1978 nr. 50. §15 opnar for å freda anlegg som parkar, hageanlegg, allèar mv. frå nyare tid, dersom dei har historiske minner knytt til seg. Tre kan også verta freda etter §20 dersom dei inngår i eit kulturmiljø og bidreg til å skape området sin eigenart. Lova opnar utelukkande opp for fredning av kulturhistoriske grunnar, og ikkje på grunn av trea sine biologiske eller naturvitskaplege verdiar (Hessner, 2007). I praksis er det ofte i samband med historiske bygningar at hagar, uteområde og tre vert freda.



*Figur 3.3: Borgestadalleen i Skien er freda etter kulturminnelova (Tom Riis, u.å.).*

## 3.6 VEGLOVA

“Lov om vegar” (veglova) av 21.juni 1963 nr. 23 tek føre seg “offentlig veg eller gate som er åpen for allmenn fedsel og som blir halden ved like av stat, fylkeskommune eller kommune...” og har som mål å sikra planlegging og bygging av veg og drift og vedlikehald på ein slik måte at trafikantane vert ivaretekne. Samstundes vert også “eit godt miljø” og “samfunnsinteresser elles” trekte fram som overordna målsetjingar ved lova. Tre og grøntområde kan dermed trekkjast fram som viktige i samband med denne førsegna.

I §31 opnar for at “vegstyresmakta kan gi påbod om at tre... skal tas bort eller skjerast ned” med grunnlag i vedlikehald eller framkomst. Lova gir også eit forbod i § 57 mot å “...utan løyve frå vegstyresmakta å... hogge tre”. Vegstyresmaktene kan dermed med dekning i denne lov både gi påbod om fjerning av tre, og å forby felling av tre.

## 3.7 VASSRESSURSLOVA

“Lov om vassdrag og grunnvann” (vassressurslova) av 24. november 2000 nr. 82 skal i følge føremålparagrafen (§1) syte for ein “forsvarlig bruk og forvaltning av vassdrag og grunnvann”. Lova tek føre seg vassdrag, som etter §2 inkluderer “alt stillestående eller rennende overflatevann med årssikker vannføring”. Etter lova sitt andre ledd, gjeld også lova for kunstige vassdrag.

Vassressurslova §11 om kantvegetasjon får direkte verknad for forvaltning av tre langs vassdrag. Den seier at “langs bredden av vassdrag med årssikker vannføring skal det opprettholdes et begrenset naturlig vegetasjonsbelte som motvirker avrenning og gir levested for planter og dyr”. Ordlyden “begrenset naturlig vegetasjonsbelte” opnar for tolkingar då vegetasjonsbelte ikkje er definert i lova, og ein dermed kan finne ulike løysingar av bredde og utforming av vegetasjonsbeltet. Skalformuleringa gjer derimot lovbestemmelsen forpliktande. I første ledd andre punktum, er det to unntak; det første gjeld for byggverk som “står i nødvendig sammenheng med vassdraget”, og det andre dersom det “trengs åpning for å sikre tilgang til vassdraget”.

## 3.8 GRANNELOVA

“Lov om rettshøve mellom grannar” (grannelova) av 22. april 2016 nr. 3 regulerer forholdet mellom naboeigedomar og inneheld fleire føresegner om tre. §2 er ei generell føresegn om at ein ikkje kan “gjera eller setja i verk noko som er urimeleg eller uturvande til skade eller ulempe for granneeigedommen”. Ein kan dermed krevja at eit tre vert fjerna i henhold til §2 dersom eit tre påfører naboen ulempe (Bergsholm, 2016, s. 243). Vidare seier andre ledd at ein i vurderinga om eit tre er urimeleg til ulempe skal ein ta omsyn til naturmangfaldet på staden.

Grannelova §12 regulerer tre, greiner og røter som strekkjer seg inn på naboeigedommen. Den opnar for at desse kan kuttast av i eigedomsgrensa dersom desse er til nemnande skade eller ulempe for naboen. Det er derimot eit vilkår som må vera oppfylt for å ha rett til å fjerne tre og greiner; varsel må ha vore gjeve og eigaren må ha unnlete å fjerna det innan rimeleg tid. I følge andre ledd, gjeld dette likevel ikkje for merkjetre eller for tre der det er skog på begge sider av eigedomsgrensa. Nemninga “nemnande til skade eller ulempe” opnar for ein skjønsmessig tolking, og kan i nokre tilfeller gi grunnlag for usemje mellom naboar. Føresegna i §2 om at ein ikkje kan gjere noko som er “urimeleg eller uturvande” til skade eller ulempe for grannen, seier vidare at ein nabo som kappar greiner frå naboen sitt tre, ikkje kan gjere dette på ein måte som svekkjer eller drep treet (Bergsholm, 2016, s. 240).

Grannelova §3 omhandlar tre som i sin heilheit er plassert på treeigaren sin eigedom. For at eit slikt tre skal kunne fjernast i samsvar med lova, må tre vilkår vera oppfylt. Det første vilkåret er at treet må vera til skade eller særleg ulempe for naboen. Det andre er at treet må stå nærare naboen sitt hus, hage, tun eller dyrka mark enn ein tredjedel av treet si høgd. Det siste vilkåret er at treet ikkje må ha nemneverdig betydning for eigaren eller naturmangfaldet på staden (Bergsholm, 2016, s. 242).



*Figur 3.4: Gamle tre i bustadområde tilfører kvalitet, men kan også verta kjelde til diskusjon og usemje. (Eige foto).*



## 3.9 PRIVATRETTSLEG VERN AV TRE

Tre på privat grunn kan regulerast på forskjellige måtar. Legalitetsprinsippet er eit grunnleggjande juridisk prinsipp om at inngrep i det private eigarråde, må ha heimel i lov (Bugge, 2015, s. 189). Gjennom dei offentlege sine planar og retningsliner etter plan- og bygningslova set staten og kommunane rammene for korleis areala skal utnyttast og brukast. Planane kan seie noko om kva ein kan gjere med tre i det enkelte område, uavhengig av eigarforhold. Eigeomsretten til den enkelte kan på denne måten verta avgrensa (Bugge, 2015, s. 189).

### STRØKSSERVITUTT

Ein privatperson kan verna om eit tre gjennom å ta i bruk “Lov om særlege råderettar over framand eigeom” (servituttlova) av 29. november 1968. Grunneigaren sin råderett kan skrenkast inn gjennom bruk av negative servitutt. Negativ servitutt er ein avtalt rett som skrenkar inn eigaren sin råderett over eigen eigeom (Store norske leksikon, 2021). Privatpersonar kan avtala at eit tre ikkje skal hoggast eller skadast (Treets venner, u.å.). Ein slik avtale kan bli inngått mellom for eksempel tidlegare eigar og ny eigar av ein eigeom eller mellom eigaren og nokon med interesse for treet (Hessner, 2007). For at servituttet skal vera rettskraftig, må avtalen tinglysast. Ein bør også tinglysa kven som har rett til å handheva servituttet, slik at det vert sikra også etter at personen som inngjekk avtalen dør. Dette kan til dømes vera ein organisasjon, og ein bør også bestemma på førehand kva sanksjonar som skal gjelda dersom treet vert forringa (Hessner, 2007). Slike avtalar føreset ikkje omfattande vurderingar av konsekvensar og interesser, slik som både kulturminnelova, naturmangfaldlova og plan- og bygningslova legg opp til.



*Figur 4.1: (Eige foto).*

# 4

## TEORETISK TILNÆRMING

4.1 Innleiing

4.2 Grøntforvaltning i Noreg

4.3 Parkforvaltning

4.4 Langsiktig treforvaltning

## 4.1 INNLEIING

Dette kapittelet tek føre seg relevant teori om forvaltning av tre. Då det har vore lite forskning på feltet treforvaltning i Noreg, er internasjonal litteratur også nytta, samt litteratur som omhandlar forvaltning av grøntområde som heilheit.

Kapittelet introduserer parkforvaltingsmodellen som illustrerer kva aktørar og ulike faktorar som er relevante i forvaltning av grøntområde. Strategisk parkforvaltning introduserer ei strategisk tilnærming og organisering av grøntforvaltning. Til slutt vert litteratur om langsiktig treforvaltning gjennomgått.

## 4.2 GRØNTFORVALTING I NOREG

I Noreg er det kommunane som har hovudansvaret for forvaltning av tre. Forvaltninga av tre i norske kommunar er i kontinuerleg endring og tilpassing til dagens situasjon. Sidan 1980-tallet har administrasjon i norske kommunar blitt omorganisert fleire gonger (Randrup & Persson, 2009), og kommunar har blitt delt opp og slått seg saman. Noreg sine kommunar er svært ulikt organisert då dei skil seg mykje i både areal og innbyggjartal, og det finst ikkje ei bestemt oppskrift på korleis dei skal forvalte ressursane sine (Fognar et al., 2019). På statleg nivå er det få lover og reglar som omhandlar forvaltning av grøntområde, og dermed også lite om forvaltning av tre. Det i stor grad opp til den enkelte kommune å sjølv bestemme korleis ein skal forvalte tre, noko som igjen fører til mykje ulik praksis (Fognar et al., 2019). Randrup & Persson (2009) hevdar at dersom dynamiske system slik som grøntområde og byskogar berre vert drifta og vedlikehaldne, men ikkje langsiktig forvalta, vil dei gradvis degenerere og ein vil etter kvart få ein stor jobb med å tilbakeføre kvaliteten ein hadde på grøntareala. Dersom ein ikkje har ein bestemt plan for eit grøntområde kan ein få ein situasjon der tre døyr ut utan at dei vert erstatta, medan andre område gror att. Då kan grøntområde få eit heilt anna uttrykk der både den opprinnelege intensjonen og funksjonen med området er forringa.

Fognar et al. (2019) meiner at manglande langsiktig forvaltning av grøntareal trugar grøntområda, spesielt i mindre kommunar, og set spørsmålsteikn ved om dagens forvaltningssystem er egna for å forvalte framtida sine grøntområde.

## 4.3 PARKFORVALTING

Parkforvaltingsmodellen er utvikla av Randrup & Persson (2009) og viser korleis ein kan bruke ulike forvaltningsnivå for å sikre effektiv forvaltning av grøntområde. Då tre er ein del av grøntstrukturen, og dermed ein del av grøntstrukturforvaltninga, er modellen også relevant når ein skal vurdere forvaltning av ein kommune sin trebestand.

## PARKFORVALTINGSMODELLEN

Parkforvaltningsmodellen (sjå figur) plasserar dei grøne ressursane i sentrum av modellen. Modellen viser dermed at alle faktorar og aktørar er likestilte. I verkelegheita er det likevel ofte politikken og økonomien som rår (Randrup & Persson, 2009).

### AKTØRAR

Aktørane i parkforvaltinga er representert av beslutningstakarane/politikarar og deira administrasjon. I tillegg til private verksemdar, slik som entreprenørar, konsulentar, planleggjarar og designarar. Også den øvrige befolkningen er ein viktig aktør, då det er dei som er brukarane av grøntområdene.

Fognar et al. (2019) påpeikar at grøntanleggsforvaltinga er prega av uklare ansvarsforhold mellom dei ulike einingane internt i kommunane. I tillegg vert grøntforvalting ofte utført av folk med manglande kompetanse. I Danmark og Sverige har det i fleire tiår vore vanleg å utkontraktere dette arbeidet, medan i Noreg har denne trenden akkurat starta (Randrup & Persson, 2009). Dette påverkar kven som er dei viktigaste aktørane i grøntforvaltinga.

### PROSESSEN

Dei grøne ressursane er i stadig endring og må jamleg oppgraderast og tilpassast endra bruk. Grøntforvaltinga inngår i ein syklus av planlegging, prosjektering, anleggsfase og drift og vedlikehald.

### FAKTORAR

Parkforvaltningsmodellen viser at ein må integrere omsyn til økonomiske, miljømessige, kulturelle/historiske og sosiale faktorar for å skape ein heilskapleg forvaltningsplan.


Randrup & Persson (2009) si undersøking viser at kommunetilsette førespegla at organisering og budsjettutfordringar ville vera den største utfordringen for forvaltinga framover. Sjølv om kommunane ofte får større og meir omfattande grøntareal å forvalte, blir ikkje det spegla i auka budsjett (Fognar et al., 2019 og Randrup & Persson, 2009), noko som igjen vil føre til at kvaliteten på grøntområda på sikt vil kunne bli betrakteleg redusert. Uføresette kostnader og manglande teknikkar for å måle og evaluere kvaliteten på grøntområda vert også trekt fram som store utfordringar (Fognar et al., 2019). For kvaliteten på grøntareala er lågt budsjett det absolutt viktigaste, etterfulgt av manglande bevisstheit om grøntareal blant politikarar og manglande grøntanleggskompetanse.



Figur 4.2: Parkforvaltningsmodellen (Randrup & Persson, 2009).

## STRATEGISK PARKFORVALTING

Randrup og Persson (2009) har utforma ein modell med ei strategisk tilnærming til forvaltninga av grøntområde. Modellen deler inn forvaltninga i tre ulike nivå som til saman vil utgjere strategisk parkforvaltning; strategisk, taktisk og operasjonelt nivå.



Figur 4.3: Strategisk parkforvaltningsmodell (Randrup & Persson, 2009).

## **DET STRATEGISKE NIVÅET**

Det operasjonelle nivået er det nederste i hierarkiet og omhandlar dei fleste oppgåvene relatert til gjennomføring og drift av grøntområde (Randrup & Persson, 2009). Dette nivået inkluderer handlingsplanar, kvalitetsbeskrivelsar, anbodsbeskrivelsar og skjøtselsplanar.

Det krevst kunnskap om trebestanden ein har og korleis den kan forvaltast vidare for å kunne skape gode strategiske avgjersler. Kommunen sine kart og registreringar av tre inngår i dette nivået. Det operasjonelle nivået dannar dermed eit godt grunnlag for dei øvrige nivåa.

## **DET TAKTISKE NIVÅET**

Det taktiske nivået inneheld planar for grøntområda og omfattar til dømes grøntstrukturplanar og kommunen sine økonomiske rammer. Kommunen sine forvaltningsplanar for tre og strategiar for bytre vil også inngå i det taktiske nivået.

## **DET OPERASJONELLE NIVÅET**

Det operasjonelle nivået er det nederste i hierarkiet og omhandlar dei fleste oppgåvene relatert til gjennomføring og drift av grøntområde (Randrup & Persson, 2009). Dette nivået inkluderer handlingsplanar, kvalitetsbeskrivelsar, anbodsbeskrivelsar og skjøtselsplanar.

Det krevst kunnskap om trebestanden ein har og korleis den kan forvaltast vidare for å kunne skape gode strategiske beslutningar. Kommunen sine kart og registreringar av tre inngår i dette nivået. Det operasjonelle nivået dannar dermed eit godt grunnlag for dei øvrige nivåa.

## STRATEGISK TREFORVALTING I NOREG

Strategisk parkforvaltning er ein modell som er utvikla for grøntforvaltning. I denne oppgåva har eg tilpassa modellen til treforvaltning og satt inn i det norske systemet for planlegging. Ifølgje Fognar et al. (2019) sin studie av norsk grøntanleggsforvaltning, baserer Noreg sin forvaltning av grøntområder seg hovudsakleg på det operasjonelle nivået, med begrensa fokus på det taktiske nivået. Dette kjem også til uttrykk ved at dei fleste som jobbar i kommunane, jobbar med drift og vedlikehald, på det operasjonelle nivået. Fognar et al. (2019) meiner at norske kommunar har ein mangelfull strategisk tilnærming og berre ein tredjedel av norske kommunar rapporterer at dei har ein strategi for grøntområde. Vidare hevdar Fognar et al. (2019) at det i Noreg er for lite heilskapleg forvaltning av grøntområder, og at ein ofte undervurderar viktigeita av forvaltning i eit langtidsperspektiv. På den andre sida viser studien at kommunar som har tydelege strategiar, oppfattar at kvaliteten på grøntareala deira er høgare, enn kommunar utan strategiar. Ein tydeleg strategi kan dermed være viktig for å sikra god kvalitet på grøntareala.

I modellen for strategisk forvaltning tilpassa tre og norske forhold ser ein også at dei største og viktigaste verkemidla er plassert på det strategiske nivået. Det taktiske nivået er prega av moglegheit for temaplanar for grøntforvaltning, grønstrukturplanar og forvaltningsplanar. På trass av funna frå Fognar et al. (2019), viser figuren at det norske plansystemet opnar for moglegheiter for å inkludere planar også på det taktiske nivået.

	Internasjonale og nasjonale føringar	Regionale føringar	Kommunale føringar
<b>STRATEGISK/ POLITISK NIVÅ</b>	Internasjonale avtalar Statleg vern Statlege retningslinjer Lover og forskrifter	Regionale planar og strategiar	Kommunal planstrategi Kommuneplanens samfunnsdel Kommuneplanens arealdel Planføresegner Omsynssoner Arealføre mål Kommunale retningslinjer
<b>TAKTISK/ ADMINISTRATIVT NIVÅ</b>	Statlege detaljreguleringsplanar		Områdereguleringsplanar  Reguleringsplanar Temaplanar Grønstrukturplan Forvaltningsplanar  Detaljreguleringsplanar
<b>OPERASJONELT NIVÅ</b>	Skjøtsels- og vedlikehaldsplanar for statleg eigde grøntområde	Skjøtsels- og vedlikehaldsplanar for regionalt eigde grøntområde	Skjøtselsplanar Drift- og vedlikehaldsplanar Detaljprosjektering Handlingsplanar Byggesakhandsaming

Figur 4.4: Strategisk parkforvaltningsmodell tilpassa norske tilhøve for grøntforvaltning og treforvaltning.



## 4.4 LANGSIKTIG TREFORVALTING

Både når det gjeld grøntforvaltning og forvaltning av bytre er det i litteraturen eit stort fokus på vedlikehaldsaspektet, og eit for lite fokus på planlagt forvaltning og langtidsperspektivet (Randrup & Persson, 2009). I følgje Johnston & Hirons (2014) er det viktig å ha ein langsiktig strategi og forvaltningsplan for bytre for å kunne oppretthalde og utvikle trebestanden på ein tilfredsstillande måte. Johnson & Hirons (2014) identifiserte fire steg som skal munne ut i ein langtidsstrategi for trebestanden;

1. Samle informasjon om trebestanden
2. Identifisere forvaltningsmål
3. Lage forvaltningsplanar
4. Vurdere og revidere strategiane

Det første steget handlar om å innhente data som kan brukast som grunnlag for utviklinga av trestrategien. Ein treng då å identifisere omfanget av trebestanden ein har og i kva tilstand dei er i. I det andre steget vel ein forvaltningsmål ut frå definerte ønskjer og prioriteringar. Det tredje steget inneber å lage forvaltningsplanar for trea. Planane må innehalde både spesifikke, målbare, oppnåelege, relevante og tidsbestemte mål. Det siste steget er å kontrollere at ein faktisk oppnår det ein ønskjer. Det handlar om å evaluera, vurdere og revidere strategiane kontinuerleg for å sikre at dei er egna til å nå dei identifiserte måla (ibid).



*Figur 5.1: (Eige foto).*

# 5

## METODE

- 5.1 Val av metode
- 5.2 Val av caseområde
- 5.3 Litteratursøk
- 5.4 Dokumentanalyse
- 5.5 Semistrukturerte intervju
- 5.6 Utval
- 5.7 Analyse av funn
- 5.8 Metodekritikk
- 5.9 Etske avvegingar

## 5.1 VAL AV METODE

Ein kan forsøkje å finne svar på ei problemstilling ved hjelp av ulike metodar. Ein lyt derfor velge kva metode ein trur er best eigna til å finne svar på det ein ønskjer å finne svar på. Det må avvegast kva som er best mogleg metode, mot kva som er mogleg å gjennomføra innanfor rammene ein har (Dalland 2017, s. 54).

Denne oppgåva si problemstilling er open og kan ikkje lett målast i tal og ved hjelp av statestikk. Dette gjer kvalitativ metode betre eigna til å gi gode svar, enn kvantitative metoder. Kvalitativ metode gir moglegheit for å skapa ei heilheitleg forståing av ein kompleks problemstilling gjennom innhenting av djubdekunnskap (Johannessen et. al 2011 og Bell et al., 2019, s.434).

Oppgåva består av ei empirisk undersøking av korleis bytrær blir forvalta i to utvalde kommunar. Empirien i oppgåva vil bestå av intervju, dokumentgjennomgang og eigne analysar.

## 5.2 VAL AV CASEOMRÅDE

Oppgåva vil ta føre seg to ulike caseområde. Det er valgt to av dei største byane i Noreg, då desse har ein større administrasjon, større fagmiljø og større sannsyn for å ha nytta dei moglegheitene som ligg i plansystemet for å sikra god forvaltning av tre. Det vil seie at dei har brukt kommuneplanen og føresegner gitt i samband med dette, og har arbeidd med å utarbeida eigne planar og strategiar for forvaltning av tre. Ønsket var å bruke kommunar som hadde jobba aktivt med dette temaet. Bergen og Stavanger vart valgt ut, då dei er to av svært få kommunar som har utarbeidd ein strategi for forvaltning av tre. Å sjå på to ulike kommunar ga også grunnlag for å kunne samanlikna og vurdera metodane dei ulike caseområda har valgt opp mot kvarandre.

I samband med valg av caseområde vart det også vurdert å sjå på mindre byar, då Noreg har flest småbyar og dei dermed betre kan samanliknast med kvarandre. Likevel har desse mindre byane ofte i mindre grad utarbeidd spesifikke planar som omhandlar tre, og dermed fins det mindre analysemateriale. Målet var å studere materiale og dokument som tok føre seg forvaltning av tre, og eit vikitig kriterie var dermed å velge caseområde med eit mest mogleg utvikla system for dette. Dei største byane kan likevel brukast som inspirasjon og som føregangseksempel for mindre kommunar.

Eg vurderte om eg også skulle utføre tilsvarande studiar av andre offentlege myndigheiter. Både statlege og fylkeskommunale organ har moglegheit for å skape rammer for forvaltninga av tre gjennom regionale planar og statlege planar og retningsliner. For å skape ein betre forståing for kommunane, prosessane, rammene og forventningane som finst, vart både statlege og regionale føringar gjennomgått. Likevel er det kommunane som har størst spelerom for å setje rammer for forvaltningen av tre, både gjennom kommunaplanen, reguleringsplanar og i eigne planar og strategiar for tre.

## 5.3 LITTERATURSØK

For å finne fram til dei mest relevante teoriene knytt til temaet “forvaltning av tre”, vart det utført eit litteratursøk ved bruk av snøballmetoden. Søket starta blant anna med følgjande søkjeord: “forvaltning av trær”, “urban tree management” og “green space management”. Desse vart brukt i både Oria, Google og i bibliotekdatabasar. Gjennom snøballmetoden vart kjeldelistene til dei ulike artiklane gjennomgått, og nye relevante referansar vart oppdaga.

## 5.4 DOKUMENTANALYSE

Ein dokumentanalyse av dei styrande dokumenta i kvar av dei utvalgte kommunane vart utført. Dette inkluderte ein gjennomgang av gjeldande planar, føresegner, rettleiarar, strategiar og andre relevante dokument i samband med forvaltning av tre. Gjennomgangen inkluderte dokument på statleg, regionalt, interkommunalt og kommunalt nivå. Dokumenta som er gjennomgått er lista opp i Vedlegg 3.

Dokumentanalysen bidrog til å skape ei breiare forståing av forvaltninga, og danne grunnlag for å tolke resultata frå intervjuet. Dei peika på kva prioriteringar og intensjonar dei offentlege styresmaktene hadde for treforvaltninga. Dei kommunale dokumenta ga også grunnlag for å sjå kva kunnskapgrunnlag kommunane baserer sin forvaltingspraksis på. Dokumentanalysen bidrog til ein betre forståing av kva verktøy som er viktige når ein skal forvalte trebestanden best mogleg. Dokumentanalysen fungerte også som ei førebuing til intervjuet, og sette lys på kva spørsmål som er relevante å stilla informantane.

## 5.5 SEMISTRUKTURERTE INTERVJU

Intervju er ein type kvalitativ metode der ein har stor fleksibilitet, samstundes som den er effektiv og kan gi djuptgåande funn. Kjenneteikna på kvalitative intervju er at dei har fokus på informantane sine refleksjonar og meiningar, samtidig som det opnar for meir spontane oppfølgingsspørsmål og tilpassingar undervegs i intervjuet (Bell et al., 2019, s. 434).

Ein skil mellom stukturerte, ustrukturerte og semistrukturerte intervju. Stukturerte intervju vert i hovudsak nytta i kvantitative undersøkingar. Her er spørsmål fastsette på førehand og informanten kan velje mellom ulike svaralternativ, slik som i ei spørjeundersøking (Johannessen et. al 2011 s. 145) . I ustrukturerte intervju har ein derimot ingen fastsett struktur på korleis intervjuet skal gå føre seg, men ein har ofte ein idé om tema og ulike moment ein vil komme innom i løpet av intervjuet (ibid).

Semistrukturert intervju vart vurdert som den beste metoden for å studere dette fenomenet då metoden gir moglegheit for å finne fram til ikkje-talfesta informasjon om tankar, vurderingar og prosessar som dannar bakgrunn for forvaltinga. Ved å ha ein intervjuguide som ein har tenkt gjennom og førebudd før intervjusituasjonen, kan ein sikre at dei viktigaste spørsmåla vert stilt, og at ein kjem innom alle tema som ein ønskjer å undersøkje. Informanten har i semistrukturerte intervju stor fridom til å uttrykke seg på den måten dei ønskjer. Dette opnar for ein friare samtale og moglegheit for avsporingar og utdjupingar av spesifikke tema, før ein nyttar intervjuguiden for å komme tilbake på rett spor (Bell et al., 2019, s. 436).

I samband med denne oppgåva vart det gjennomført fem semistrukturerte intervju. Intervjuguiden som låg til grunn vart i stor grad følgd og bidrog til at samtalane var innom alle spørsmåla og tema som var tiltenkt. Talet på informantar blir vurdert som tilstrekkeleg for å kunne seie noko om prioriteringane, utfordringane og vurderingane som har blitt gjort i samband med arbeidet med forvaltning av tre i dei to casekommunane. Intervjua vart teke opptak av, og deretter gjennomgått. Alle informantane har gjeve samtykke til dette, og dei har fått moglegheit til å ta sitatskjekk.

Gjennom intervjua vart det nytta ein fleksibel intervjuguide. Denne var delt inn i ulike tema som var ønskeleg å komme innom i løpet av intervjuet. Dei førebudde spørsmåla var ordna i prioritert rekkjefølge avhengig av respondenten. Dei vart delte inn i “spørsmål som må stillast”, “spørsmål ein bør prioritere å stille” og “spørsmål som kan stillast dersom det er ekstra tid til overs”. På denne måte kunne eg forsikre meg om at eg stilte dei viktigaste spørsmåla til alle informantane, samstundes som at intervjuet vart tilpassa informanten og det enkelte intervju. Dette opna også opp for å endre og leggje til oppfølgingsspørsmål.

I forkant av intervjua vart det vurdert om ein burde sende informantane intervjuguiden på førehand. Då spørsmåla i intervjuguiden la opp til at intervjuobjektet kunne drøfte og komme med eigne tankar, vart det vurdert at det var tilstrekkeleg å informere om tema og hovedpunkta som skulle bli gjennomgått i intervjuet på førehand. Dette for å få ein mest mogleg naturleg reaksjon på spørsmåla, og ein friare refleksjon rundt tema. Likevel ville nokre av respondentane ha spørsmåla på førehand, og dei fekk difor nokre eksempelspørsmål som dei kunne førebu seg med.

## 5.6 UTVAL

Det blei valgt å intervjuja nøkkelpersonar som jobbar i kommunal forvaltning. Det vil seie menneske som har kommunen som arbeidsplass og som har delteke i arbeidet med forvaltning av tre gjennom utarbeiding av plandokument og strategiar, eller som jobbar med drift og skjøtsel av tre. Dei representerer ei viktig stemme, og vil kunne ha tankar og innspel som ein ikkje finn i offentleg tilgjengelege dokument eller i eksisterande forskning. Dette er også ein måte å få kunnskap om korleis praksisen i kommunane faktisk er, og kva dei sjølv ser som svakheitar og moglegheitar for forvaltninga. Nøkkelpersonane sine betraktningar, erfaringar og synspunkt vart vurdert som viktige for å kunne svare på problemstillinga.

For å finne fram til dei rette personane med kompetanse om tre i dei utvalde oppgåveområda, tok eg kontakt med dei einskilde kommunane. Kommunane kom deretter med kontaktinformasjon til personar som var aktuelle å snakke med om temaet. Eg intervjuja til saman fem personar frå dei to ulike kommunane.

Organisasjon	Stilling	Rolle
Stavanger kommune	Seksjonsleiar/parksjef	Arbeider med overordna temaplan grøntplan.
Stavanger kommune	Tilsett i kommunen	Har utarbeidd treforvaltningsplanen og har ansvar for utarbeiding av tilhøyrande handlingsplan.
Stavanger kommune	Gartnar og arborist ved Bymiljø og utbygging/ Drift og utemiljø.	Ansvar for drift og vedlikehald av Stavanger kommune sine parkar, skular, idrettsanlegg, nærmiljøanlegg ol.
Bergen kommune	Seksjonsleiar for Seksjon for planuttale og koordinering	Prosjektleiar for beplantningsplan for gatetre i Bergen.
Bergen kommune	Tilsett i Park og vegdriftsavdelingen. Arborist.	Jobbar med skjøtsel og drift. Ansvar for bestilling av skjøtsel og driftstenester frå entreprenørar.

*Tabell 5.1: I oppgåva vart det intervjuja 5 personar frå dei to kommunane Stavanger og Bergen.*

## 5.7 ANALYSE AV FUNN

### FORFORSTÅING

Som utgangspunkt for analysen vil mitt normative perspektiv og forforståinga av temaet vera relevant å omtala. Forforståinga handlar om kva tankar og vurderingar ein har før ein går inn i temaet. Eg har teke utgangspunkt i at god forvaltning av tre, er ein forvaltning der ein faktisk i praksis klarar å sikre at treforvaltinga vert utvikla på ein måte som ikkje forringar den totale treplantinga. Det inneberer å ta vare på eksisterande tre gjennom heile prosessen i byggeprosjekt og å sikre at ein plantar nye tre for å fortsette å oppretthalde ein robust trebestand også etterkvart som gamle tre døyr og må ersattast. I analysen av funna i oppgåva vil eg vurdere i kva grad dei ønskjene og formuleringane som er brukt i dei offentlege føringane faktisk er eigna til å ta vare på tre i praksis og sikra ein positiv utvikling av trebestanden.

### SWOT-ANALYSE

For å systematisere og illustrere funna gjort i dokumentanalysen og intervjuet vart dei viktigaste punkta sett inn i ein SWOT-analyse. Ein SWOT-analyse er ein metode for å identifisera og visa styrker, svakheiter, mulegheiter og trugslar ved ulike aspekt (Store norske leksikon, 2022b). Metoden vert ofte brukt ved analysar av bedrifter og marknader, men kan også nyttast til andre føremål.

## 5.8 METODEKRITIKK

### RELIABILITET

I kva grad ei undersøking har høg reliabilitet knyt seg ofte til måten data er innhenta, tolka og gjort tilgjengeleg for lesaren (Johannessen et. al, 2011, s. 243). Dette knytter seg igjen til i kva grad ein kan stole på resultatane. Det kan vera vanskeleg å etterprøve data i kvalitative undersøkingar då dei er basert på sosiale settingar med eit intervjuobjekt og ein intervjuar. Intervjuaren har stor påverknadskraft på både intervjusituasjonen og kva resultat ein kan hente ut av intervjuet. Gjennom bruk av lydopptak og transkribering av intervjuet, vil ein betre sikra seg at ein får med seg alt som blir sagt og implisert i intervjuet, og dermed øke reliabiliteten til oppgåva. Også gjennom teori og dokumentanalyser kan ein forsøke å kontrollsikre funn med eksisterande kunnskap.

### TRUVERD

Samanhengen mellom fenomenet ein undersøker og dei faktiske innsamla data omtalar ein som ei undersøking si truverd (Johannessen et. al, 2011, s. 244). Ved å nytte semistrukturerte intervju i staden for ustrukturerte intervju, kan oppgåva si truverd bli styrkja då spørsmåla og samtalen er godt førebudd i forkant av intervjuet. På denne måten kan ein i større grad unngå å kome i ein situasjon der dei innsamla data ikkje er tilstrekkelig eigna for å kaste lys på det valgte fenomenet, og problemstillinga står att ubesvart.

Gjennom å vera tydeleg på val av metode, intervjumetode og analysen av datainnsamlinga, vil lesaren få innblikk i fremgangsmåten i oppgåva. Lesaren får dermed moglegheit til å vurdere resultatane og i kva grad ein kan stole på data (ibid). I oppgåva vert dei to metodane intervju og dokumentstudiar nytta. Kombinasjonen av metodar aukar truverde, då ein kan vurdere i kva grad funn frå intervju stemmer med funn frå dokumentstudie.

### VALIDITET

Ei undersøking si eksterne validitet vert vurdert basert på i kva grad resultatane kan overførast til liknande fenomen (Johannessen et. al, 2011, s. 244). Det er viktig å finne caseområde som kan representere korleis ein typisk bykommune i Noreg kan forvaltast, eller på anna måte vera relevant for andre kommunar. Gjennom å velje intervjuobjekt som har jobba med tre i offentleg forvaltning, kan desse representere forvaltninga, og det kan seie noko om eksisterande situasjon i dei norske kommunane.



## 5.9 ETISKE AVVEGINGAR

Forskingsetikk handlar om korleis ein skal og bør opptre, og tek utgangspunkt i kva som er rett og galt. Det er viktig med informert samtykke, konfidensialitet og å ivareta informantane i forskning (Fangen, 2016). Det vart lagt stor vekt på å behandle informantane med respekt. Forskingsobjekta hadde til ein kvar tid rett til å trekkje seg ut av oppgåva og deira deltaking skjedde etter at informert samtykke var innhenta. I forskning er det også viktig at forskaren undervegs fokuserer på å unngå å skade informanten, samstundes som belastningen ved å delta i undersøkinga vert forsøkt minskt (Johannessen et. al, 2011).

Intervjua vart teke opp med lydopptakar og vart deretter gjennomgått. Alle innformantane har gjeve samtykke til dette på førehand. Intervjuobjekta er anonymisert i oppgåva, men det vil alltid vera ein risiko for at ein kan finne fram til kven intervjuobjekta er basert på deira inngåande kunnskap om temaet, og at det er få individ med same bakgrunn og stilling i dei enkelte kommunane.

Norsk senter for forskningsdata (NSD) ga følgjande vurdering av prosjektet:

*“Det er vår vurdering at behandlinga av personopplysningar i prosjektet vil være i samsvar med personvernlovgivningen så fremt den gjennomføres i tråd med det som er dokumentert i meldeskjemaet med vedlegg, og eventuelt i meldingsdialogen mellom innmelder og Personverntjenester. Behandlingen kan starte”. (Sjå vedlegg 2).*



*Figur 6.1: (Eige foto).*

# 6

## RESULTAT OG FUNN

### 6.1 Innleiing

#### 6.1 Introduksjon til caseområda

#### 6.3 Statlege føringar

#### 6.4 Regionale føringar


#### 6.5 Interkommunale føringar

#### 6.6 Kommunale føringar

#### 6.7 Andre funn

## 6.1 INNLEIING

Dette kapitlet tek føre seg resultatane frå dokumentanalysen (sjå vedlegg 3) og set det i samanheng med funn frå intervjuane av tilsette i Bergen og Stavanger kommune. Kapitlet gir ei oversikt over korleis dei offentlege styringsmaktene arbeider med forvaltning av tre i dag. Først blir dei to casekommunane introduserte. Deretter tek kapitlet føre seg føringar på strategisk, taktisk og operasjonelt nivå, i samsvar med strategisk parkforvaltingsmodell. Samanstillinga startar med overordna føringar på statleg nivå, deretter tek den føre seg regionale, interkommunale og kommunale føringar gjennomgått. Til slutt følgjer vert andre relevante funn omtala.



Figur 6.2: Oversikt over caseområda i oppgåva (Eigen illustrasjon).

## 6.2 INTRODUKSJON TIL CASEOMRÅDA

### STAVANGER

Stavanger ligg i Rogaland fylke, og er Noreg sin fjerde største kommune, rekna i folketal. Frå 1. januar 2020 vart kommunane Rennesøy, Finnøy og delar av Hjelmeland kommune slått saman med Stavanger (Thorsnæs & Thune, 2022), og kommunen arbeider no med å utarbeide felles strategiar og planar for den nye kommunen.

Stavanger er kjenneteikna av eldre trehusbebyggelse og trange gater i bysentrum, og meir opne, jordbruksprega områder i periferien. Stavanger har fleire områder med tre i bykjerna, både i Byparken, som gatetre og tre i hagar på private eigedommar. Dei har også større områder med meir skogpreg, slik som Movannsskogen og Vålandsskogen, og den meir naturprega Sørmarka (Stavanger kommune, 2019a).

Stavanger sine tre som står på kommunal grunn, vert forvalta av Stavanger kommune sin avdeling Park og vei. Park og vei har ansvar for å bestille tilsyn, vedlikehald, felling ol. hjå avdelinga Natur- og idrettservice som er den utøvande delen av parkforvaltninga i Stavanger (Stavanger kommune, 2019a).

### Stavanger kommune

<b>Folketal:</b>	144 699 (24.03.2022)
<b>Areal:</b>	257 km <sup>2</sup>
<b>Fylke:</b>	Rogaland fylke
<b>Styresett:</b>	Formannskapsmodellen (Thorsnæs & Thune, 2022).



*Figur 6.3: Stavanger med innslag av store, gamle trær i sentrumskjerna (Dronestavanger, u.å.).*

## BERGEN

Bergen ligg i Vestland fylke og er Noreg sin nest mest befolka kommune. Kommunegrensene har vore uendra sidan 1972, men 1. januar 2020 vart fylka Hordaland og Sogn og Fjordane slegne saman til Vestland fylke, som Bergen no er ein del av. Bergen er, i likheit med Stavanger, kjend for tett trehusbebyggelse og Bryggen i Bergen. Byen er gamal og har mange historiske tre og historiske grøntområde i bysentrum, slik som til dømes trea på Bergenhus festning. Utanfor bebyggelsen er byen omkransa av fjell med ein meir naturprega trebeplanting.

Bymiljøetaten har, ifølgje intervjuobjektet på strategisk nivå i Bergen, ansvar for å utarbeide planar og å følgje opp arbeidet med tre i kommunen. Det utøvande ansvaret for forvaltinga av tre, inkludert skjøtsel og drift, ligg hjå Park og vegdriftsavdelingen. Dei har, i følgje intervjuobjekta ansvar for drift av alle tre langs offentlege vegar i Bergen sentrum, uavhengig av kva offentleg styresmakt som eig dei.

## Bergen kommune

<b>Folketal:</b>	286 930 (24.03.2022)
<b>Areal:</b>	445 km <sup>2</sup>
<b>Fylke:</b>	Vestland (frå 1.1. 2020, tidlegare Hordaland)
<b>Styresett:</b>	Parlamentaristisk styresett (Thorsnæs & Amoriza, 2022).

*Figur 6.4: Bergen sentrumsområde med tre fordelt i byområde, og skogsområda rundt (Realforum Eiendom, u.å.).*



## STAVANGER



*Figur 6.5: Flyfoto over Stavanger sentrum (Norgebilder, 2022).*

## BERGEN



*Figur 6.6: Flyfoto over Bergen sentrum (Norgebilder, 2022).*

## 6.3 STATLEGE FØRINGAR

Staten har ansvar for å setje premissene for utvikling av landet gjennom å utarbeide lovverk, retningslinjer, rettleiarar, handbøker osv. Nokre av dokumenta er juridisk bindande og set klare rammer for kva fylka og kommunane kan gjere, medan andre fungerer rettleiande eller som oppslagsverk.

### JURIDISK RAMMEVERK

I kapittel 3 om juridiske rammer såg ein at fleire ulike lover har føresegner som omhandlar tre. På strategisk nivå finn me lover som plan- og bygningslova og naturmangfaldlova. Desse er plassert på strategisk nivå då dei legg til rette for å gi overordna føringar for korleis naturen og areala skal forvaltast. Plan- og bygningslova (2008) er ei prosesslov som gir verkemiddel for å regulere inn føresegner om tre dersom forvaltinga og politikarane ønskjer dette gjennom plansystemet og dei ulike plannivåa. Lova har imidlertid ingen materielle føresegner om tre og korleis desse skal forvaltast. Naturmangfaldlova (2009) legg til rette for at forvaltinga kan utarbeide forskrifter og fatte vedtak som skal sikra bruk og vern av naturen. Den omfattar alt landareal i Noreg, og inkluderer både naturområde og natur i tettbygde strøk. Då ein i den nye versjonen av naturmangfaldlova frå 2009 fjerna den tidlegare moglegheita staten hadde til å verna enkelttre, vart ansvaret for å ta vare på tre dytta nedover i forvaltningssystemet til fylka og kommunane. Verken naturmangfaldlova eller plan- og bygningslova sikrar i seg sjølv at vegetasjon og tre vert teke vare på, men dei gir heimel til å fatte vedtak som kan sikra dette.

På taktisk nivå finn me kulturminnelova og veglova. Kulturminnelova (1978) opnar for fredning av historiske anlegg som hagar, allèar osv. Ein fredning av trea vil då setje begrensningar på forvaltning av tre avhengig av føresegnene som vert utarbeida knytt til fredinga. Lova er plassert på taktisk nivå då den ikkje seier noko konkret om korleis tre skal forvaltast, men opnar for moglegheita for å nermare regulere dette. Veglova (1963) inneheld ein moglegheit for vegstyresmaktene å gi påbod om fjerning eller kutting av tre i vegområde, i tillegg til at det ifølgje lova er ulovleg å hogge tre i vegområde utan løyve frå vegstyresmakta. Denne lova seier heller ingenting om kva ein skal gjere med tre, men opnar opp for nokre moglegheiter for krav ein kan stille. Kulturminnelova og veglova er likevel noko meir konkret då den tek føre seg enkelte anlegg og vegstrekningar, i staden for å omhandle heile kommunen slik som plan- og bygningslova og naturmangfaldlova i større grad er lagt opp til å gjere.

Føresegnene i grannelova, vannressurslova, servituttlova og i forskrift om utvalde naturtypar høyrer til det operasjonelle nivået. Desse lovene og forskriftene er plassert på operasjonelt nivå då dei gir direkte føringar for korleis tre skal handterast og forvaltast. Grannelova (1961) har fleire presise føresegner som har direkte verknad for korleis konflikhtar om tre mellom grannar kan løysast. Vannressurslova (2000) har ei operasjonell føresegn om at det "skal" vera kantvegetasjon langs vassdraga som skal hindre avrenning og sikra levestadar for dyr og planter, jf. § 11. Her kan inngå både tre- og busker, og det er dermed ei lov som med sin "skal"- formulering sikrar at ein lyt ta hensyn til vegetasjon langs vassdrag. Servituttlova (1968) opnar for at ein kan legge inn servitutt i eigedommar som seier noko om tre. Det er likevel ikkje eit mykje brukt verkemiddel, og det kan vera vanskeleg å sikra at dette vert fylgd opp. Forskrift om utvalde naturtypar (2011) peikar



mellom anna ut hule eiker og styva lauvtre i spesielle område som utvalde naturtypar. Den rettslege verknaden av forskrifta er likevel berre at ein skal “utøve særskilt aktsomhet” for ikkje forringe utbreiinga av førekomsten, jf. §53. Føresegna opnar dermed for tolking i kva grad ein skal vera aktsam og kor mykje som kan forringast utan at utbreiinga og førekomsten vert truga.

I svært mange av dei gjennomgatte dokumenta, også i strategiane for bytre, er det tydeleg at tre har eit svakt juridisk vern i norsk lovverk. Dette kjem fram i Bergen kommune sin strategiplan for bytre i Bergen (2016) som trekk fram grannelova (2016) og at den kan gi utfordringar mellom kommunen sitt ynskje om å verna eit tre, og naboar sitt ynskje om å fjerne det i medhald av lova. Stavanger sin forvaltingsplan (Stavanger kommune, 2019) for tre trekk fram utfordringen med at det er grunneigar som har ansvar for trea på sin eigedom. Det er derfor vanskeleg for kommunen å regulera tre som ikkje er på deira eigedom, sjølv om dei er gamle, og viktige for byen sine innbyggjarar. Det er berre tre som er beskytta etter norsk lovverk som kommunen kan nekte felling av. Det vil seie tre som er verna etter den gamle naturmangfaldlova, eller tre som er omfatta av forskrift om utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova (2011). Stavanger sin forvaltingsplan trekk fram moglegheita ein har etter plan- og bygningslova å regulere enkelttre til bevaring i reguleringsplanar, og moglegheiten en har til å regulere større område som trekker og lundar med omsynssone til vern av kulturmiljø eller landskap etter §12-5. Sjølv om eit tre er regulert til bevaring er det ikkje knytt spesielle krav til handsaminga av desse trea, bortsett ifrå at dei er ulovlege å felle. Det er dermed viktig med konkrete føresegner i planane som regulerer dette nermare.

Det er med dette få lover og forskrifter som seier noko direkte om korleis tre skal forvaltast i Noreg. Dei mest relevante lovene er prosesslover som sier mest om korleis ein kan utarbeide føresegner på lågare myndenivå og gir kommunane verktøy til å forvalta areala og ressursane sine. Lovverket er utforma slik at ansvaret for forvaltninga av tre er skyvd ned til kommunane. Dette er også vist i studien til Fogner et al., (2019) som peikar på at dette igjen fører til svært ulike løysingar for forvaltninga i dei ulike kommunane.

## **STATLEGE PLANAR, RETNINGSLINER OG RETTLEIARAR**

Staten utarbeider ei rekkje dokument for å klargjere korleis lover og reglar skal tolkast og konkretiserast på regionalt og kommunalt nivå. Dokumenta er også meint å rettleia og lage rammer for dei andre delane av forvaltninga. I tillegg kan dei gjennom desse dokumenta synleggjere sine synspunkt og prioriteringar for befolkninga. Vedlegg 3 syner ei oversikt over gjennomgatte dokument i dokumentanalysen og omfattar relevante planar, retningslinjer og rettleiarar der ein kunne forvente at tre og vegetasjon var omtalt.

Nokre av dei gjennomgatte statlege dokumenta nemner tre spesifikt. Dette gjeld til dømes rettleiaren for reguleringsplanar (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2018) som syner til virkemiddelet som finst i plan- og bygningslova §12-5 nr. 2 til å regulere tre til bevaring. I tillegg viser rettleiaren eit eksempel på bruk av plan- og bygningslova §12-7 nr 1 og 6 for vern av enkeltelement: “Innenfor formålet o\_Park1 skal det utarbeides beplantningsplan med innmålinger

av trær og annen vegetasjon som skal bevares”. Begge desse paragrafane kan nyttast av kommunane for å lage fleire operasjonelle føresegnar for tre. Også rettleiaren for planlegging av grøntstruktur i byar og tettstadar, M100 (Miljødirektoratet, 2014), trekk fram ei føresegn frå plan- og bygningslova, § 12-6 om omsynssoner som relevant for å sikra tre. Likevel kunne begge desse rettleiarane vore tydelegare på kva dei forventer av kommunane, og gitt fleire døme på korleis kommunane kan gå fram dersom dei ønskjer å innarbeida føringar om tre.

Statens vegvesen har utarbeida mange ulike dokument om tre, som er nyttige for andre å sjå til og er viktige faglege bidrag, men i sine meir styrande og bindande dokument, er tre mindre omtala. N100 Veg og gateutforming (Statens vegvesen, 2021) er Statens vegvesen sitt førande dokument som stiller krav til utforming av alle offentlege vegar og gater. Bortsett frå nokre tekniske tilrådingar om breidder på trafikkdelarar og plassering av tre i sikkerheitssoner, seier N100 svært lite om tre. V271 Vegetasjon i veg- og gatemiljø (Statens vegvesen, 2016), har nokre tilrådingar om forvaltning av tre både på strategisk, taktisk og operasjonelt nivå. På strategisk nivå tilrår rettleiaren allereie på kommunedelplannivå å vurdera kva tre som bør bevarast. På taktisk nivå har rettleiaren ei tilråding om å omtala tre i reguleringsplanar med tilhøyrande tilstandsvurderingar. På operasjonelt nivå er utarbeiding av rigg- og marksikringsplanar tiltak som vert tilrådd. Likevel er dette berre ein rettleiar, og gjeld for Statens vegvesen sine prosjekt, med mindre fylka eller kommunane vel å nytta rettleiaren i sine utbyggingsprosjekt. Statens vegvesen har og utarbeida rettleiaren “Etablering av trær” (Statens vegvesen, 2012), som rettleia og formidlar kunnskap om sjølve etableringen, og som er relevant for alle som skal plante tre, uavhengig av sektor og forvaltingsnivå. Også “Trær og allèr” (Statens vegvesen, 2006) kan fungere som inspirasjon for andre sektorar.

I gjennomgangen av dei statlege dokumenta er det tydelig at tre er nemnt særst lite i fleire viktige statlege føringsdokument. Under følgjer ei liste over dokument ein kunne forvente at tre vart nevnt, men som sier lite til ingenting om tre:

- Meld. St. 18 (2016-2017) Berekraftige byar og sterke distrikt
- Meld. St. 20 (2020-2021) Nasjonal transportplan 2022-2033
- Meld. St. 14 (2015-2016) Natur for livet- Norsk handlingsplan for naturmangfold
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, (Regjeringen 2014)
- Meld. St. 41 (2016-2017) Klimastrategi for 2030- norsk omstilling i europeisk samarbeid
- NOU 2015:16 Overvann i byer og tettsteder- som problem og ressurs
- Retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging (Miljøverndepartementet, 2012)
- Konsekvensutredning for planer etter plan- og bygningsloven (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2021).
- Kommuneplanens arealdel– veileder om utarbeiding, innhold og planprosess (Kommunal- og distriktsdepartementet, 2022).
- Meld. St. 40 (2020-2021) Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmålene innen 2030
- Byrom- en idehåndbok (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2016).

Intervjuobjekta frå dei to casekommunane trakk fram ønskje om strengare reglar:

*“Eg syns det kunne vore litt strengare reglar når det blir bygd nye gater i dag. Eg ville hatt meir vegetasjon i gata som eit krav, viss eg hadde fått bestemt. Andre kollegaer ville meint det motsatte. For dei er det kun eit problem med tre i gater på grunn av avfall som set seg fast i slukar og må rakast og kostast osv.”* (Operasjonelt nivå, Bergen kommune).

Nokre av intervjuobjekta har erfaring frå andre land i Europa og trekk fram at lovverket i Noreg gir mykje mindre beskyttelse av tre enn lovverket i andre land:

*“Det må mykje til for at man kan forby nokon å felle eit tre. Ihvertfall dersom det er på eigen eigedom. Her i Stavanger har vi til no berre rett til å nekte grunneigar å felle eit tre dersom det i reguleringsplanen er regulert til bevaring. Ellers er det veldig vanskeleg. Det er ikkje så mange planar som har regulert trær til bevaring heller. Då må det vera veldig spesielle tre”* (Strategisk nivå, Stavanger kommune).

På den andre sida, trekk det eine intervjuobjektet frå Bergen kommune fram at dei føringane som eksisterer om tre i dag, har hatt ein positiv effekt og ført til auka merksemd og bevisstheit for tre:

*“...I forhold til bevisstheit rundt tre, store tre, gamle tre, så har jo desse regimene rundt hule eiker bidrege veldig for å synleggjere betydningen, den økologiske betydningen av tre. På den andre sida har også fokuset på fremmede artar auka. Det også er noko som har styrt i forhold til en bevissthet til kva ein bør unngå å plante og bidra til å spre uheldig. Så har vi naturmangfoldlova med tilhøyrande forskrifter som underliggende føringar, som det er klart at virker direkte inn på korleis ein ser på dette å forvalte tre på en god måte og ikke minst det der bevisstgjøringselementet når ein får desse føringane.”* (Taktisk/strategisk nivå, Bergen kommune, skrevet om etter sitatskjekk hos informanten).

Staten har moglegheit til å vise kva forventningar dei har til fylke og kommunar for å sikre at viktige verdiar vert ivaretekne. I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023 (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2019-2023) vert tre peika på som viktige element i byar og tettstadar, og dette kan tyde på at ein på statleg nivå tenkjer at tre er viktig.

Få av dei offentlege føringane framhevar viktigheita av tre og kva funksjonar dei har for menneskje, dyr og miljøet. Sidan tre er viktige for naturen, og spesielt bynaturen kunne ein forvente at det var omtalt meir i stortingsmeldingane som omhandlar natur og klima, slik som Meld. St. 18 Bærekraftige byar og sterke distrikt (2016-2017), Meld. St. 14 Natur for livet (2015-2016), Meld. St. 41 Klimastrategi for 2030 (2016-2017) og Meld. St. 40 Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmålene innen 2030 (2020-2021). På den andre sida kan ein argumentere for at eit enkelt bytre ikkje har noko avgjerande funksjon for naturen. Men dersom ein ser på alle bytre i Noreg samla, og trekk inn alle økosystemtjenestene som dei står for, vil også dei vere viktige for både natur og menneskje. No når det har vorte særleg mykje fokus på klimaendringar, overvatn i byar, forurening osv., er det overraskande at staten ikkje fokuserar meir på tre og vegetasjon i by. Dersom

ein i overordna føringar hadde nevnt viktigheita av tre, kunne kommunane støtta seg på dette og vise til overordna dokument i arbeidet med tre i kommunane.

Også intervjuobjekta trakk fram eit ønskje om meir haldningsskapande informasjonsarbeid frå statleg hald:

*“På nasjonalt nivå kunne sterkere fokus på verdiene som trærne har for både mennesker, for biologisk mangfold, lokalklima, trivsel mm. og ikke minst overvannshåndtering hjelpe kommunene å prioritere trea f.eks. i planarbeid som reguleringsplaner”. (Strategisk nivå, Stavanger kommune, skrevet om etter sitatskjekk hos informanten).*

## 6.4 REGIONALE FØRINGAR

Dokumentanalysen tek føre seg føringar som finns om tre på regionalt nivå i fylka der casekommunane inngår. Fylka Hordaland og Sogn og Fjordane slo seg saman 1. januar 2020 til Vestland fylke og det er dermed gjennomgått både planar frå det gamle og det nye fylket, i tillegg til Rogaland fylke. Relevante føringar som er utarbeida for landsdelen Vestlandet er også inkluderte.

Ingen av dei gjennomgåtte dokumenta inneheld føringar på verken strategiske, taktisk eller operasjonelt nivå. Det er også svært få som nemner tre spesifikt, og få som omtalar vegetasjon i større mon.

Desse dokumenta inneheld lite til ingenting om tre:

Vestland/Hordaland Fylke

- Regional planstrategi ”Utviklingsplan for Vestland 2020-2024” (Vestland fylkeskommune, | 2020).
- Regional transportplan for Vestland fylke 2022-2033 (Vestland fylkeskommune, 2021c)
- Regional transportplan - Strategi for mjuke trafikantar (Vestland fylkeskommune, 2021d)
- Strategi for bærekraftig mobilitet i Vestland 2022-2033 (Skyss, 2021)
- Regional areal- og transportplan for Bergensområdet 2017-2028 (Hordaland fylkeskommune, 2017)
- Handlingsprogram for folkehelse Vestland 2022-2025 (Vestland fylkeskommune, 2022)
- Regional plan for folkehelse- fleire gode levekår for alle- 2014-2026 (Hordaland fylkeskommune, 2014a)
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026 (Hordaland fylkeskommune, 2014b)
- Klimaplan for Hordaland 2014-2030 (Hordaland fylkeskommune, 2014c)
- Byvekstavtale mellom Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune og Staten v/ Samferdselsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet (Bergen kommune et. al. 2017).

## Rogaland fylke

- Regionalplan for Jæren og Søre Ryfylke (Rogaland fylkeskommune, 2021a)
- Samferdselsstrategi for Rogaland 2022-2033 (Rogaland fylkeskommune, 2021b)
- Handlingsprogram for fylkesvegnett i Rogaland 2018-2021 (Rogaland fylkeskommune, 2018a)
- Miljøstrategi for kollektivtransport (Rogaland fylkeskommune, 2019)
- Handlingsplan for kollektivtrafikken i Rogaland 2018-2023 (Rogaland fylkeskommune, 2018b)
- Regional klimatilpasningsplan i Rogaland 2020-2050 (Rogaland fylkeskommune, 2020)
- Regionalplan for friluftsliv og naturforvaltning 2017-2024 "Ute i Rogaland" (Rogaland fylkeskommune, 2017)
- Byvekstavtalen mellom Rogaland fylkeskommune, Stavanger, Sandnes, Sola og Randaberg kommune, Samferdselsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2019-2029 (Stavanger kommune et al., 2020)
- Bymessig fortetting på jærsk. Veileder til regionalplanens retningslinjer om stedsforming, bokvalitet og uteområder (Rogaland fylkeskommune, 2021c)

Ingen av klimaplanane, kollektivplanane eller folkehelseplanane legg føringar for forvaltning av tre. Heller ikke fylka sine regionalplanar, byvekstavtalar eller transportplanar sier noko vesentleg om tre.

Likevel har Vestland sin regionale transportplan (Vestland fylkeskommune, 2021a) som hovedføremål at:

*“Vestland skal ha eit trygt, effektivt og framtidsretta transportsystem som legg til rette for klima- og miljøvenleg mobilitet og berekraftig samfunnsutvikling”.*

Tre og vegetasjon er svært relevant til hovedføremålet, men vert ikkje omtala. På den andre sida nemner Vestland fylkeskommune (2021b) sin Regional transportplan for mjuke trafikantar følgjande om mål om vegetasjon: *“auka intensitet på rydding av vegetasjon langs gangruter og snarveggar”.*

Rogaland sitt handlingsprogram for fylkesvegnettet som set retninga for utviklinga av fylkesvegnettet dei neste åra, sier ingenting om tre eller vegetasjon (Rogaland fylkeskommune, 2018). Dette trass i at den har eit eige underkapittel om drift og vedlikehald. Fylkesvegane omfattar mykje vegareal med tilhøyrande vegetasjon, slik som kantvegetasjon, trerekker langs veg eller andre tre i samband med veganlegga.

Statens vegvesen har utarbeida Grøntveilederen for Vestlandet (Statens vegvesen, 2019) for bruk av alle som arbeider med “planlegging, utføring, skjøtsel eller drift av grøntanlegg langs veg og gate”. Den tek føre seg både planlegging, etablering og skjøtsel av grøntanlegg, og syner ei eksempelsamling med erfaring av bruk av ulike planter. Den er eit godt oppslagsverk og nemner noko om det meste ein treng å vite i samband med tre. Sidan både Stavanger og Bergen ligg i landsdelen Vestlandet, vil denne gjelde for begge kommunane.

Frå intervjuet kom det fram at tilsette som jobba på taktisk og strategisk nivå i både Bergen og Stavanger kommune var lite kjent med regionale føringar for tre, og var usikre på om det fanns noko. På operasjonelt nivå i Stavanger vart den interkommunale norma “Norm for utomhusanlegg i Sør-Rogaland trekt fram som eit viktig dokument som gav rammer til korleis arboristane i regionen kan jobbe.

Sjølv om dei regionale planane sier lite om tre, er det trass alt kommunane som har hovudansvaret for forvaltning av tre, slik det kom fram frå gjennomgangen av lovverket. I tillegg er dei regionale planane svært overordna, og inneberer ikkje alltid tiltak. Likevel har fylka ansvar for ein del grøntareal slik som vidaregåande skular, fylkesvegar og ulike fylkeskommunale bygningar med tilhøyrande uteområde. Desse har ein i følgje funna i dokumentanalysen og intervjuet ingen overordna strategi for trebestanden til.

## 6.5 INTERKOMMUNALE FØRINGAR

I Sør-Rogaland har fleire kommunar gått saman for å laga felles interkommunale normer. Det er til no utarbeida ei norm for utomhusanlegg (2017) og ei vegnorm for Sør-Rogaland (2020). Desse seier lite om det strategiske og taktiske nivået, men har fleire krav og tilrådingar om tre på operasjonelt nivå.

Vegnorna gjer greie for planting av nye tre og handtering av eksisterande tre i samband med veganlegg. På operasjonelt nivå set den til dømes fram ei tilråding om ein avstand på 75 cm mellom trestamme og veg, og ei breidde på 2,5 meter i rabattar med tre.

Norm for utomhusanlegg i Sør-Rogaland (2017) gir rettleiing for prosjektutforming i prosjekteringsfasen av nye anlegg. Den tek føre seg både planter, krav til estetikk, utformingsprinsipp og funksjonskrav for leikeområde, aktivitetsområde og parkar, samt viser døme på tekniske løysingar for utomhus. Norma har føresegner på operativt nivå om stammeomkrets på nyplanta tre, både i gater (SO 18-20 cm) og ellers i bybildete (SO 12-14 cm). Den seier vidare at tre “som fjernes skal erstattes i samråd med kommunen”. Ellers stiller den og krav til blant anna ugrashandtering, vatning og oppbinding i etableringsfasen, sikring i byggefasen og jordkvalitet. Norma gir også eit nyttig tips om kva krav ein kan stilla til rotareal for små tre; 6-8 m<sup>2</sup> og store tre; 12-15 m<sup>2</sup>.

Desse normene sier altså mykje konkret om tre og korleis det kan leggjast til rette for, både ved nyplanting og ved bevaring av eksisterande tre. Likevel er ikkje normene juridisk bindande for kommunane, og Stavanger har i den nye revideringa av kommuneplanen (2022) innarbeidd desse som forlag til føresegner i kommuneplanen sin arealdel. Dei interkommunale normene kan kommunane likevel visa til i handsaming av byggjesaker og ved reguleringsplanar og liknanade, og på denne måten er dei viktige dokument og rettleiarar i dei ulike kommunane for å sikre kvalitet og gode vekseforhold for tre. I tillegg kan det verta lettare å vedta føresegner i kvar enkelt kommune dersom ein kan vise til denne felles norma.

## 6.6 KOMMUNALE FØRINGAR

Stavanger og Bergen kommune har ei rekkje planar, strategiar og rettleiarar som er viktige verktøy i forvaltinga av areala og ressursane i kommunen. Det er i stor grad opp til kvar enkelt kommune kva planar og strategiar dei vel å utarbeide og vedta, og det er derfor ulikt kva som finst i ulike kommunar i landet.

### KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL

Ifølgje plan- og bygningslova (2008) kapittel 11, er det krav om å utarbeide kommuneplan med både ein samfunnsdel med tilhøyrande handlingsdel og ein arealdel, jf. §11-1. Samfunnsdelen kan plasserast på det strategiske nivået, og handlar om dei store samfunnsmessige linjene. Verken Bergen (2015) eller Stavanger kommune (2020a) nemner tre i desse planane, men begge har ambisjonar om å vera “grøne byar”. Stavanger har eit mål om å vera “ledende i arbeidet mot eit klima- og miljøvennlig samfunn, ta vare på naturen og sikre naturmangfoldet og kulturlandskapet” (Stavanger kommune, 2020). Bevaring og nyplanting av tre vil dermed vere relevant å arbeide mot, for å kunne oppnå grønare byar.

### KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL

Kommuneplanen sin arealdel er og del av det strategiske nivået i kommunane. Stavanger kommune sin gjeldande kommuneplan er delt inn i dei fire ulike kommunane som slo seg saman i 2020. Dei har no utarbeidd ein ny kommuneplan som ligg ute på høyring, og som vil gi den nye kommunen ein felles kommuneplan. Kommuneplanen består av tre delprosjekt: Bolig- og byutvikling, transport og mobilitet og grønn plan, som til saman supplerar arealdelen. Planbeskrivelsen til den nye planen har mange tiltak som skal verne om trea og setja tre høgt på prioriteringslista:

*“Et sentralt grep er også å beskytte trær bedre. Det er derfor foreslått bestemmelser om beskyttelse av hule eiker, og beskyttelse for alle større trær i trehusbyen, også på private arealer. I tillegg er det foreslått krav om kartlegging av eksisterende trær i planer. Dette vil bedre muligheten for bevaring av trær som er viktige for naturmangfold, trivsel og helse.” (Stavanger kommune, 2022).*

Bergen kommune (2019a) har i motsetning til Stavanger, svært lite om tre i planbeskrivelsen sin. Tre er nevnt ein gong i samband føresegnene. Det er også svært lite om vegetasjon generelt i planbeskrivelsen. Heller ikkje i kapittelet om klimatilpassing har ein nemnt noko om tre eller vegetasjon. Det er dermed stor forskjell på korleis dei to kommunane har nytta kommuneplanens arealdel som verkemiddel for å regulere tre.

I føresegnene til dei to kommunene er det også store skilnadar i kor omfattande, konkrete og bindande føresegnene som omhandlar tre er. Stavanger kommune (2022) nyttar plan- og bygningslova §11-9 pkt 6 og 8 til å følgje opp forskrift om utvalde naturtypar (2009) ved å opprette ei juridisk bindande føresegn som skal sikre hule eiker, eller eiketre med stammeomkrets over 200 cm juridisk, og seier at desse “skal” bevarast. Vidare har kommunen ei føresegn som sier at tre i bysentrum med stammeomkrets over 90 cm i brysthøgde skal bevarast (etter pbl §11-9 pkt 6 og 8), dette gjeld også i Trehusbyen (etter pbl §§ 11-8 og 11-9 pkt 7). Også privateigde tre er omfatta av denne føresegna. Informantane framhevar privateigde tre som ei utfordring i dag, og denne føresegna er tenkt å vera ei motbør til dette:

*“På private eiendommer har vi igrunn ikke noen mulighet til å nekte å felle et tre hvis ikke det er regulert til bevaring. Nå prøver vi jo gjennom kommuneplanen å innføre at trær over 90 cm, også på privat grunn, skal bevares. At man må søke om det. Vi får se hvordan det går i behandlingen. Det vet vi ikke enda. Der har Oslo vært vårt forbilde. Så nå prøver vi også å ta det inn i vår kommuneplan”* (Taktisk/strategisk nivå, Stavanger kommune).

Stavanger kommune krever at eksisterande tre skal bevarast framfor å bli erstatta i offentlege område. For å sikre tre i reguleringsplanar, har kommunen eit krav om at eksisterande vegetasjon skal kartleggjast, og verdifull vegetasjon skal sikrast i både plankart og i føresegnene i utarbeiding av nye reguleringsplanar. Langs “turforbindelsar og grøne spaserdrag” seier føresegnene at ein skal søkja å bevare eksisterande tre og etablere nye, jf. plan- og bygningslova §11-10 pkt 2 og 4. I tillegg har Stavanger tilhøyrande retningslinjer som seier noko om ønskja deira. Mellom anna at ein “langs gatestrekninger hvor det i dag ikke er trær bør det ved større tiltak plantes nye trær”.

Bergen kommune har derimot berre ei føresegn om tre, og denne er knytt til plan- og bygningslova §§11-9 pkt 6 og 8 og 11-11 pkt 5, samt naturmangfaldlova:

*“Bytrær skal bevares, og skal erstattes ved skade eller felling. I reguleringsplaner skal det settes av tilstrekkelig areal til trær, i rekker, grupper eller enkeltvis. I historiske alleer skal trær og tilhørende struktur bevares. Tilhørende retningslinje: “Kommunens fagetat kan tillate felling av trær som er syke, skadet eller utgjør en risiko. Erstatning skal skje i samarbeid med fagetaten”* (Bergen kommune, 2019b).

Den nye arealdelen til Stavanger kommune er enda ikkje vedteken, men er svært ambisjøs på tre, slik også kommunen sjølv peikar på:

*“Den nye kommuneplanen er ikke vedtatt- er under behandling og skal legges ut på høring. Det er jo et forslag foreløpig. Der har vi jobbet veldig mye med natur og trærne og fått det med i bestemmelsene. Det står at trærne skal ivaretas i reguleringsplanar og at det skal plantes nye. Vi har fått inn mye der”* (Taktisk/strategisk nivå, Stavanger kommune).

Bergen kommune sin kommuneplan er frå 2019, og det er i følgje intervjuobjektet på taktisk/strategisk nivå ikkje nokre konkrete utreiingar om tre som pågår no.



## GRØNTSTRUKTURPLANAR

Stavanger kommune har utarbeida ein Grønn plan (Stavanger kommune, 2022b) og seier sjølv dette om planen:

*“Grønn plan del 1 er faggrunnlaget til kommuneplanen. Der er det forslag til hva vi kan ta med- og en god del av de kravene vi ville ha med der har vi fått med i den nye foreslåtte kommuneplanen. Grønn plan skal også vedtas. Den er et delprosjekt i kommuneplan og legges på høring samtidig som kommuneplanen”. (Stavanger kommune taktisk/strategisk).*

Grønn plan har eit eige kapittel om tre som tek føre seg både funksjonen til tre, kva informasjon kommunen har om tre, skjøtsel, vern og utfordringar med tre i by, og dannar grunnlag for arbeid med tre i kommunen (Stavanger kommune, 2022b). Bergen har også ein tilsvarende plan “Temakart sammenhengende blågrønne strukturer” (Bergen kommune, 2019c), som er eit kart med tilhøyrande tekst som viser blågrønne strukturar. Denne sier lite om tre og er mest fokusert på dei grøne draga og sammenhengane.

## STRATEGI FOR BYTRE

Både Stavanger og Bergen har ein strategi for bytre sine. Stavanger sin visjon for bytre er å: *“... være en grønn by med en variert og artsrik bestand av bytrær, og har egenverdi både i et klima- og i et levekårsperspektiv. Satsingen på bytrær skal derfor anses som del av levekårsarbeidet i kommunen. Trær som del av byens grønne infrastruktur skal derfor anses som like viktig som annen infrastruktur i byen”* (Stavanger kommune, 2019), medan Bergen sin visjon er slik: *“Bytrær skal ha en betydelig plass i bybildet”* (Bergen kommune, 2016). Vidare har både Stavanger og Bergen eit mål om at antall bytre skal aukast (Stavanger kommune, 2019 og Bergen kommune, 2016). Bergen (Bergen kommune, 2016) sine målsetningar handlar om å ta vare på tre der dei har verdi, auka artsrikdommen, gi tre gode vekstvilkår og erstatta tre som må fellast. Stavanger ønskjer å ta vare på trea si helse, vekstvilkår og ta særleg omsyn til bevaringsverdige tre, samt å skapa eit godt samarbeid om forvaltinga av tre (Stavanger kommune, 2019). Begge strategiane sine mål og visjonar kan plasserast på strategisk nivå då dei seier noko om det overordna ønsket for trebestanden.

På taktisk nivå har Bergen kommune (2016) lista opp ulike forvaltingsstrategiar. Desse går ut på å forbetre kunnskapsgrunnlaget, utarbeide beplantingsplanar, utvikle forvaltingsrutinar, etablera samarbeid og informera og spreie kunnskap om tre. Stavanger har fleire konkretiseringar på taktisk nivå. Dei skriv mellom anna at *“Alle bytrær med stammeomkrets over 60 cm (målt i 1m høyde på stammen) som felles skal erstattes. Plantede gatetrær skal erstattes uavhengig av størrelsen, hvis de er en del av en sammenhengende rekke eller allé, for å opprettholde sammenhengen i beplantningen”*.

Strategiane har også føringar på operasjonelt nivå, som omhandlar mål for drift og vekstvilkår for trea. Stavanger har i sin strategi foreslått ei rekkje føresegnar, men desse har til no vore rettleiande då strategien ikkje er juridisk bindande. I den nye kommuneplanen sin arealdel er mange av desse innarbeidd i føresegnene.

Strategiane til Bergen og Stavanger har fleire likheitstrekk og søker i stor grad dei same målsettingane. Likvel er Stavanger sin noko meir konkret og detaljert. Sidan strategiane ikkje er juridisk bindande, er det viktig å arbeide med å gjere dei bindande slik at ein kan sikre at ein kan nå dei utpeika måla.

## **HANDBOK FOR GATETRE OG BEPLANTINGSPLANAR**

Bergen kommune har utarbeidd ei handbok for gatetre som no ligg ute på høyring (Bergen kommune, 2022a). Denne set ingen krav til forvaltning av tre, men er eit godt grunnlag for dei som skal utarbeide prosjekt med tre. Bergen kommune har vidare utarbeida ein beplantningsplan (Bergen kommune, 2022b) med tilhøyrande kart (Bergen kommune, 2022c og 2022d) for Bergenhus bydel. Bergenhus bydel omfattar størstedelen av Bergen sentrum, og mykje av dei historiske anlegga i byen. Beplantningsplanen viser prinsipp for planting av tre, foreslåtte treslag, samt prioritering og kostnadsvurderingar av plantinga. Dei har utarbeidd to kart som viser ein ambisiøs plan (Bergen kommune, 2022c) for utplanting, og ein nøktern plan (Bergen kommune 2022d) for utplanting. Her er vist både plassering og ønskja planting som til dømes solitertre eller trerekker. I tillegg til dette har Bergen utarbeidd treslagslista (Bergen kommune 2022e), som er eit nyttig verktøy som listar opp treartar som kan nyttast i prosjekt og gir informasjon om til dømes sjukdomsproblematikk, herdigheit, salttoleranse og forventta levealder. Stavanger kommune har ikkje utarbeidd tilsvarende planar og handbøker.

## **RETTLEIARAR OM GRAVING PÅ KOMMUNAL EIGEDOM**

Både Stavanger og Bergen har utarbeida dokument som skal sikra at graving på deira eigen grunn vert utført på ønskjeleg måte. Bergen kommune (2015) sin rettleiar omfattar berre tre i kapittel om arbeid “i eller ved grøntområder”. Gatetre eller tre på torg er dermed ikkje omtalt spesifikt i rettleiaren. Men for tre i grøntområder finst det på taktisk nivå formuleringar som seier at “*All skadet vegetasjon skal erstattes med ny, av samme type og størrelse som tidligere. Når dette ikke er mulig, for eksempel ved skader på store trær, må ansvarlig utførende regne med å betale erstatning for skadene*”. På operativt nivå sier føresegnene at det ikkje kan gravast, køyrast eller lagrast masser “næmere trestamme enn 5 meter, eller under trekronens dryppzone når dette gir større avstand, med mindre annet er angitt i godkjent graveplan”. Det blir også stilt krav til sertifisering av utførende og beskyttelse av tre i anleggsperioden.

Stavanger har i sin rettleiar for graving i kommunale areal (2009) ei rekkje føringar på taktisk nivå. Det er mellom anna krav til forhåndsgodkjenning av graveplan, krav til synfaring, krav til bruk av anleggsgartnar i gjennomføringa, krav til stammevern og gjerde. Også i Stavanger skal ein unngå lagring av masser og utstyr i rotsonen. I tillegg er det lagt inn ei rekkje føringar for graving i nærleiken av tre og korleis ein kan begrensa skadar på tre i samband med graving.

## VEGNORMER

Både Stavanger og Bergen har egne vegnormer. Bergen kommune (2005) sin vegnorm sier ingenting om tre, og støttar seg dermed på vegnormalane som finnes på statleg nivå. Desse har som vist ovanfor få til ingen føringar for tre. Vegnorma for Stavanger (Stavanger kommune, 2020b) har derimot eit eige kapittel om tre som tek føre seg etablering, prinsipp for oppbygging og oppbinding, skjøtsel, og planting nær anna infrastruktur. Vidare viser den døme på tre som kan brukast og ein detaljteikning av ei mogleg planteløysing. Norma har mange krav på taktisk nivå som seier noko om kva ein lyt tenkja på i prosjekteringa av anlegga. Til dømes finst det avstandskrav frå trestamme til veg på 0,75 m, siktkrav i samband med vegkryss, vatningskrav, samt krav til jordkvalitet. Vegnorma stiller krav til stammeomkrets på 18-20 cm og eit rotvolum for gatetre på 12-15 m<sup>3</sup>. Dette er svært ambisiøse krav, som vil leggje til rette for at trea får eit langt og godt liv. Noko ein derimot må gjerast merksam på er at eit slikt strengt krav kan føre til færre tre i gatebilde, då plassmangelen i gater er stor. Likvel er det godt mål, og sidan gatenormalen ikkje er juridisk bindande er det moglegheiter for å finne gode, tilpassa løysingar i kvart enkelt prosjekt. Ein ser at krava som vert stilt i dei ulike føringane til Stavanger kommune går att, og ein finn til dømes kravet om rotvolum på 12-15 m<sup>3</sup> både i vegnorma og i den nye kommuneplanen.

## KARTGRUNNLAG

Det er opp til kvar enkelt kommune å sikre at dei til einkvar tid har oversikt over trebestanden sin. I følge Meld. St. 12 (2015-2016) Natur for livet- Norsk handlingsplan for naturmangfold har ein ikkje oversikt over *“status og utvikling for omfang av... antall og typer gatetrær... i norske byer”*. Gjennom studiet er dermed dette noko som har vorte undersøkt i dei to utvalde kommunane Bergen og Stavanger.

Både Stavanger og Bergen har starta på den omfattande oppgåva å registrere alle trea i kommunen. Bergen har ifølge intervjuobjekta fra Bergen kommune kartlagt alle tre i sentrumskjerna for nokre år sidan med art og nøyaktig kartfesta posisjon, samt registrert tilstanden til trea. Ifølge Bergen sin strategi for bytre (Bergen kommune, 2015) er det viktig å ha ein oppdatert kartleggjing av bytre for å sikre *“at hensynet til trærne fanges opp og settes på dagsorden i en tidligfase av planprosesser”*. På sikt er ønsket i følge både strategien og intervjuobjekta å registrera alle tre i heile kommunen, og at karta skal oppdaterast jamleg.

Stavanger kommune skriv i *“Grønn plan”* (Stavanger kommune, 2022b) at dei har starta arbeidet med å lage eit treregister av alle tre i byen med kart som viser plassering, art, høgde, helsetilstand og vokseplass. Kartet skal etter kvart gjerast tilgjengeleg for heile befolkninga. I tillegg til dette har dei eit anleggsregister som til no omfattar fleire tre enn treregisteret, men som ikkje har kartfesta informasjon og som har manglande informasjon om enkelttre. Nye tre som blir felt eller planta blir ikkje oppdatert her, men registeret gir ei grov oversikt over trebestanden. I tillegg til dette har Stavanger kommune saman med fylkesmannen starta å kartlegge hule eiker i Stavanger, som ligg offentleg tilgjengeleg på kartportalen Naturbase.

Det er tydeleg at kartlegginga til begge kommunane til no er mangelfulle og ikkje i tråd med deira egne mål og ønskjer. Likvel er dei begge i gang med arbeidet og har starta på enkeltregistreringar. Det kjem fram at dei to kommunane ikkje har planar for korleis dei skal sikre at karta blir oppdaterte etterkvart som trebestanden utviklar seg:

*“Angående ajourføring av treregister. Treregisteret burde oppdateres på en bedre måte mener jeg men, kapasitet for å utføre det er begrenset (både på grunn av lite personell samt økonomisk midler til det)” (Operativt nivå, Stavanger kommune).*

## 6.7 ANDRE FUNN

### UTFORDRINGAR MED FORVALTING AV TRE

Tre har, som nemnt i kapittel 2, ei rekkje utfordringar når dei lev i by og tettbygde strøk. I intervju vart intervjuobjekta spurt om kva dei såg på som dei største utfordringane. Av intervjuobjektet på operasjonelt nivå i Bergen vart det trekt fram utfordringar med plass til tre i bybildet og mangel på lys og luft. I Stavanger blei dette trekt fram på operasjonelt nivå:

*“Byen våre opplever høyt utbyggingspress og mye bygge- og graveaktivitet. Alt dette medfører store skader på trær. Renovering/ oppgradering av vannavløp ledning har skadet mange gatetrær. Mangel av plass, både under og over bakken skaper en del utfordringer. Lite jord volumene under bakken utsette trær til vannstress som minsker betydelig treets livsløp som følger. Dette skjer ikke bare i Stavanger men, øvrige i hele Europa og lander med høyt industriell utvikling og kompleks økonomier”. (Operasjonelt nivå, Stavanger kommune).*

Også av intervjuobjektet på operasjonelt nivå i Bergen, vart plassmangel trekt fram som ein viktig begrensande faktor for trea:

*“Med bytre er det kampen om plassen som er viktig. Lys og luft. Vi er avhengig av å ha trea i byen. Men det koster litt ekstra. Stort sett så har Bergen kommune satsa masse og vi har mange eksisterende trær. Kommunen sier de vil ha flere inn...”* (Operasjonelt nivå, Bergen kommune).

Informantane på taktisk og strategisk nivå i Stavanger trakk fram graving nær tre som en stor utfordring, saman med plassmangel. Ofte har ein lite plass, så då må ein velge mellom å planta i for små bed slik at treet får dårlege vekstvilkår, eller å ikkje plante tre i det heile. Det blir også påpeikt at det er viktig å ha eit langtidsperspektiv. Eit tre som vert planta har moglegheit til å leve i over 100 år (avhengig av art), då må ein sikre at ein ikkje øydelegg det etter kort tid på grunn av graving og bygging.

*“Den tankegangen om at man bare feller et tre og planter et nytt, på samme måte som man tar en lysmast. Det ser vi og i mange prosjekt. Det er for lite kunnskap fra de som planlegger ting, arkitekter eller ingeniører har lite kompetanse på trær og hva et tre trenger. De foreslår ofte å bare flytte trærne, men da må vi forklare at det ikke er så lett. Et tre er ikke bare et punkt, det skal vokse, og det skal vokse der lenge. Man kan ikke flytte på det som en kabel eller en lysmast.”* (Strategisk/taktisk nivå, Stavanger kommune).

På taktisk/strategisk nivå i Bergen vart det også trekt fram at det er viktig med nok ressurser til oppfølging og tilstrekkelege planar som er eigna til å sikre trea:

*“Det vil vel generelt være tilgjengelige ressurser og mulighetene for både mannskaper og penger til å følge opp tiltak. Det vil vel være det. Uten at jeg kjenner dette så veldig selv i detaljer. Og forsåvidt også å ha en form for planberedskap når ting dukker opp. At man vet en del om områdene som er utsatt. Det er vel også litt gjennomgående. Man kommer også litt sent på banen. Nå vil disse nye dokumentene hjelpe på. Det er nok dette med ressurser som er mest krevende”* (Taktisk/strategisk nivå, Bergen kommune).

## **PRIORITERINGAR**

For å identifisere korleis tre blir prioritert i kommunane, vart intervjuobjekta spurt både korleis tre vert prioritert samanlikna med andre omsyn, og korleis politikarane prioriterer tre. Informanten på operasjonelt nivå i Bergen trakk fram at opplevelsen er at tre blir prioritert meir og meir, og har fått eigne styringsdokument, som til dømes trestrategien. Men det vert også peika på at det er eit kostnadsspørsmål i kva grad ein faktisk får prioritert tre i enkeltprosjekt. Også på taktisk/strategisk nivå i Bergen vert det trekt fram at tre har fått auka merksemd både blant politikarar, men også i befolkninga. Intervjuobjektet peiker på at det vert skrive mykje om tre i avisene i saker der store, gamle tre kjem i konflikt med byggjeprojekt. På taktisk og strategisk nivå trekk informantane fra Stavanger kommune fram dette:

*“Vi som jobber med det grønne prioriterer det høyt. Men vi sliter ofte med at i andre planer som i utbyggingsprosjekter, kommer trær sist. Man planlegger først bebyggelse, så ser man til slutt på trær og hvilke som er mulig å bevares/spares på. Vi har en del utfordringer også innenfor kommunen. Vi ønsker at trær prioriteres høyere. For eksempel om man skal lage en sykkelvei eller en VA-ledning. Vi er på god vei, vi har god kontakt med andre fagavdelingar, og har fått trær mer og mer inn i deres regelverk og normer. For eksempel veiseksjonen er i vår egen avdeling og vi har god kontakt med de. I de siste årene har vi hatt en utvikling der veiseksjonen også har begynt å tenke på å ta vare på eksisterende trær, og ikke bare fjerne og plante nytt. Vi er på vei, men vi har et godt stykke å gå, også internt i kommunen. Vi prøver f.eks. å ha bedre dialog med byggesaksavdelingen og formidle viktigheten av trær. I enkelte prosjekter ser vi fortsatt at trær må ryke. Men vi jobber veldig med formidlingen, innenfor andre avdelinger og praktisk ute.”* (Taktisk/strategisk nivå, Stavanger kommune, skrevet om etter sitatskjekk hos informanten).

Informantane vart også spurt om korleis dei opplever at politikarane prioriterer tre. Frå informanten på operasjonelt nivå i Bergen kommune vert det trekt fram at tre blir meir og meir prioritert og omtalt i reguleringsplanar, men at formuleringane er at tre og vegetasjon “bør” takast vare på. Informanten ønskjer meir “skal”-formuleringar. Frå taktisk/strategisk nivå i Stavanger kommune vert det påpeikt at politikarane har teke godt imot trestrategien og at dei vedtok den slik kommuneadministrasjonen hadde føreslege.

## **INFORMANTANE SINE FORVENTNINGAR OG ØNSKJER**

I samtlege av intervjuar var det tydeleg at informantane hadde ei sterk lidenskap for tre og eit genuint ønske om at trea skulle få lange liv med gode forutsetningar for å vekse seg store og vakre. Dei hadde alle ei tru på at planane og strategiane dei har utarbeidd skal leggje til rette for trea og at forvaltninga framover blir betre og betre. På spørsmål om kva dei hadde gjort dersom dei hadde ubegrensa med ressursar for å arbeide med tre, blei det på operasjonelt nivå trekt fram eit ønske om å:

*“Kartlegge, registrere, tilstandvurdere og verdisette alle bytrær med kroner. Bedre oppfølging av alle trær som viser svakheter. Iverksette tiltaket som kan forlenge treets livsløpet ; voksested rehabilitering / forbedring, økning av jordvolumene, bruk av fastdekke med bedre porøse egenskaper, fjerne asfalten under treets kroneprojeksjon, o.s.v”.* (Operasjonelt nivå, Stavanger kommune).

I Bergen kommune vart det på operasjonelt nivå trekt fram eit ønske om fleire forma tre og meir kunstnerisk utføring i beskjæring av trea. Det vart også påpeikt eit ønske om meir pengar til skjøtsel og vedlikehald av tre.

På taktisk/strategisk nivå blei det i Stavanger kommune trukke fram eit ønske om å ta enda betre vare på eksisterande tre og å prioritere det høgare i oppfølging av gravearbeid og i skjøtelsarbeid. Dei uttrykte også eit ønske om å sjå på treregistreringa på nytt, og oppdatere data som dei har samla inn og sjå på korleis trebestanden har utvikla seg. Både Bergen og Stavanger kommune uttrykte i tillegg eit ønske om å informere om verdien og viktigheita trea har på ein enkel og tydeleg måte.



*Figur 7.1: (Eige foto).*

# 7

## Analyse og diskusjon

7.1 Innleiing

7.2 SWOT- analyse

7.3 Strategisk nivå

7.4 Taktisk nivå

7.5 Operasjonelt nivå

7.6 Korleis skil Bergen og Stavanger seg frå kvarandre?



## 7.1 INNLEIING

Dette kapitlet tek utgangspunkt i strategisk parkforvaltningsmodell og er strukturert etter strategisk, taktisk og operasjonelt nivå. I kapitlet skal eg diskutere funna frå dokumentanalysen og intervju, og setje dei i samanheng. Dei viktigaste funna vert systematisert i ein SWOT-analyse som viser styrker, svakheiter, moglegheiter og trugslar ved dagens forvalting av tre i Stavanger og Bergen kommune. Til slutt følgjer ein samanlikning av dei to casekommunane som oppsummerer kapitlet.

## 7.2 SWOT-ANALYSE

SWOT-analysen tek føre seg dei to casekommunane og samanstiller funna i oppgåva. Analysen inkluderer ikkje statleg nivå då føringar på dette nivået er likt for dei to kommunane. Regionalt nivå er ikkje teke med fordi dokumentanalysen viste at det var lite forskjell på dei to fylka. Dette er i staden inkludert i skildringa under.

# STAVANGER

## STYRKER

### OPERASJONELT

- Har utarbeidd klare retningsliner som skal sikre tre ved arbeid nær tre i ”Retningsliner for graving i kommunale arealer i Stavanger”.
- Fagkunnskap og engasjement for tre på operasjonelt nivå.

### TAKTISK

- Det vert aktivt jobba med å innarbeide tre i andre avdelingar i kommunen, til dømes i vegavdelinga og i vegnormer.
- Mykje fagrunnskap om tre, forvaltning og planleggjing. Både på taktisk og strategisk nivå.
- Stort engasjement for tre på taktisk nivå.

### STRATEGISK

- Har en solid strategi som peikar ut hovedretninga.
- Har utarbeidd vedtekne føringar og føresegner som er juridisk bindande.
- Har eit overordna overblikk på forvaltninga og gjer vurderingar av samanhengen mellom ulike delar av kommunen. Heilheitleg forvaltning.
- Føresegner i ny kommuneplan som også skal sikre tre på privat grunn.
- Stort engasjement for tre på strategisk nivå.

## MOGLEGHEITER

### OPERASJONELT

- Tydelege juridiske føringar opnar for moglegheit for lovlegheitsoppfølging og å gi konsekvensar dersom tre vert skada under byggjeverksemd.

### TAKTISK

- Tilsynelatande god kommunikasjon på tvers av kommunen, opnar for moglegheit for koordinering og samarbeid om felles mål i alle delar av kommunen.

### STRATEGISK

- Ansatte med erfaring og innsikt i forvaltning av tre i andre land. Kan gi gode innspel og inspirasjon til korleis ein kan forbetre forvaltninga i Noreg.
- Ny kommuneplan med grøntplan som er på høyring gir moglegheit for å sikre tre gjennom juridisk bindande føresegner.

# STAVANGER

## SVAKHEITER

### OPERASJONELT

- Mangelfull kartlegging av eksisterande tre og oppdatering av desse.

### TAKTISK

- Manglar ein plan for framtidig utvikling av trebestanden utover dei eksisterande trea. Kor og korleis skal ein planta nye tre?

### STRATEGISK

- Manglar ein prioritering av kva gater og byrom ein ønskjer tre i. Kan gi dårlegare fordeling av tre i dei ulike delane av byområde.

## TRUGSLAR

### OPERASJONELT

- Manglande kartlegging og oppdatering av kart gjer at ein ikkje oppdagar og får erstatta tre som blir felt.
- Begrensa ressursar til drift og vedlikehald og kartlegging.
- Begrensa ressursar til lovlegheitsoppfølging, og oppfølging av føringane dei har sett.

### TAKTISK

- Tydelege engasjerte enkeltmenneske på taktisk nivå, syner at nokre enkeltmenneske kan gjere viktige grep, men blir også sårbart for utskifting av personell.
- Manglande beplantningsplan kan gjere at det totale talet på tre i kommunen vert redusert på sikt.

### STRATEGISK

- Stort fokus på bevaring av eksisterande tre, kan overskygge viktigheita av å plante nye og fleire tre.
- Tydelege engasjerte enkeltmenneske på strategisk nivå, syner at nokre enkeltmenneske kan gjere viktige grep, men blir også sårbart for utskifting av personell.

# BERGEN

## STYRKER

### OPERASJONELT

- Mykje etablert praksis på operasjonelt nivå.
- Tredeponi- midlertidig oppbevaring av tre og beredskapslager av større tre.
- Engasjerte medarbeidarar på operasjonelt nivå som kjempar for trea.
- Har ein beplantingsplan for heile sentrumsområdet som prioriterer kvar ein skal/bør plante nye tre. Eit resultat av ein heilheitleg vurdering av trebeplantinga. Kan sikre betre fordeling av tre over heile sentrumsområde.

### TAKTISK

- Har utarbeida ei handbok for gatetre
- Har tydelege mål: ta vare på tre der dei har verdi, auka artsrikdommen, gi tre gode vekstvilkår og erstatta tre som må fellast.

### STRATEGISK

- Har ein solid strategi som peikar ut overordna mål for treplantinga.
- Stort fokus på tre i gater og på veggrunn.

## MOGLEGHEITER

### OPERASJONELT

- Tredeponi gir moglegheiter for å ta vare på gamle trerekker og oppretthalde deira estetiske uttrykk.
- Moglegheit for å innarbeide tre i større grad i rettleiaren for arbeid og graving i kommunal veg- og gategrunn.

### TAKTISK

- Uutnytta potensiale for å innarbeide tre i andre delar av kommunen, og deira føringar, slik som til dømes vegavdelinga og vegnormalar.
- Bergen kommune har ansvar for tre i heile sentrumsområdet. Opnar for moglegheit for å få til ei overordna heilheitleg forvalting av alle bytree.

### STRATEGISK

- Mykje uutnytta potensiale til å nytte kommuneplan som verktøy for å syte for forvalting av tre, feks. gjennom eigne føresegner om tre.
- Moglegheit for å utnytte beplantingsplanen i overordna strategiar, og innarbeide føringar som legg til rette for at den vert realisert.

# BERGEN

## SVAKHEITER

### OPERASJONELT

- Mangelfull kartlegging av eksisterande tre og oppdatering av desse karta.

### TAKTISK

- Få fagfolk på taktisk nivå i kommunen.
- Utstrakt bruk av innleigde konsulentar.

### STRATEGISK

- Ikke fagfolk som leiar arbeidet med tre i kommunen
- Få fagfolk på strategisk nivå i kommunen.
- Lite vurderingar og føringar for forvaltning av eksisterande trebestand.
- Lite føringar og førsegner som vernar om tre juridisk.
- Ingen reglar som omhandlar tre på privat grunn.

## TRUGSLAR

### OPERASJONELT

- Mykje etablert praksis og avtalar som ikkje er nedskrevne og formaliserte. Kan bli sårbart ved endringar og utskifting av personell ol.
- Manglande kartlegging og oppdatering av kart gjer at ein ikkje oppdagar og får erstatta tre som blir felt.
- Begrensa ressursar til drift og vedlikehald og kartlegging.
- Begrensa ressursar til lovlegheitsoppfølging, og oppfølging av føringane dei har sett.

### TAKTISK

- Bruk av innleigde konsulentar for utarbeiding av beplantningsplan og handbok kan vera på grunn av manglande kompetanse i kommunen eller få som jobbar med tre internt i kommunen. Gjer forvaltninga sårbar då ingen har ansvar for intern koordinering innad i dei ulike delane av kommunen.

### STRATEGISK

- Svakt vern av eksisterande tre. Kan føre til at eldre og viktige tre må gi tapt.
- Mykje fokus på planlegging av gatetre- mindre på tre i parkar, torg og liknande.
- Lite juridisk bindande føringar i kommuneplanen og føresegnene knytt til den.

## 7.3 STRATEGISK NIVÅ

Som vist i kapittel 6 har verken det statlege eller det regionale nivået konkrete føringar for forvaltning av tre. Dette gjer at ansvaret for trea vert dytta nedover til det kommunale nivået. Desse er meir geografisk nærme trea og har på denne måten betre forutsetningar for å ta vare på kvart enkelt tre. På den andre sida finst det lite rettleiingsmateriell eller uttrykte forventningar frå statleg hald om korleis arbeidet med tre skal utførast. Og kommunane står dermed heilt fritt til å velje om tre skal prioriterast i det heile, og på kva måte. Stavanger trekk fram at dei skal i gang med eit prosjekt med Oslo og Trondheim kommune for å sjå på føresegner for tre i reguleringsplanar. Dette viser at kommunane ser eit behov for rettleiing og samarbeid utover den kommunale eininga for å finne gode løysingar for å sikre tre i reguleringsplanar. Det kjem også til uttrykk av at dei sjølv seier at staten kunne teke meir ansvar for formidling av verdiane tre har, og at tre har eit svakt juridisk vern.

### JURIDISK VERN AV TRE

Det var i den tidelegare naturvernlova moglegheit for å verne tre. Det er fortsatt mange tre i dag som er verna etter denne lova, og sjebna deira er dermed avhengig av ei lov som ikkje lenger er gjeldande. Utover dei allerede freda trea, vert ingen fleire tre verna om på denne måten lenger. No er det berre hule eiker som vert verna om gjennom lovverk og forskrifter. Då tre fortsatt er svært viktige element for både menneske, dyr, insekt og naturen, er vern av tre fortsatt aktuelt.

Både Tyskland, Austerrike og Wien har eigne trevern lover. Desse har sitt juridiske grunnlag i deira naturvernlov, og hindrar private aktørar å felle tre på sine eigedommar. Regelen er ofte basert på enkelttre som har ei stammeomkrets på minimum til dømes 40-100 cm og/eller som er over ei viss høgde, og dei er uavhengig av kva art trea er (Wikipedia, 2021).

I Noreg si naturmangfaldlov (2009), er føremålet å sikre “naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden...”. Vern av enkelttre vil kunne falle inn under dette føremålet nesten uavhengig av kva som gjer treet verneverdig, då tre er natur som gir grunnlag for kultur, helse og trivsel, som vist i bakgrunnskapittelet (kapittel 2). Ei anna moglegheit for lovgivar er å lage ei eiga lov eller forskrift om tre som i større grad dannar grunnlag for å ivareta tre utover hule eiker.

## **STATLEGE OG REGIONALE FØRINGAR**

Gjennomgangen av dei statlege føringane viser at tre er lite omtala i overordna dokument, noko som kan tilseie at det har vore lite fokus på forvaltning av tre generelt i dei statlege organa. Ingen av dokumenta er tydelege på kva dei statlege organa meiner om tre og korleis dei burde forvaltast. Det er heller ingen statlege eller regionale organ som uttrykkjer kva dei meiner om å bevare eksisterande tre. Nokre få statlege rettleiarar og retningslinjer henviser til relevante føresegner i plan- og bygningslova som kan nyttast for å regulere tre i planar. Også dei regionale planane og retningslinjene seier svært lite om tre, og kommunane får dermed ingen peikepinnar på om korleis arbeidet med tre skal gjerast. Dersom ein på statleg og regionalt nivå hadde vore tydelegare på intensjonar og ønskjer for vegetasjonen i deira verkeområde, kunne kommunane brukt dette som grunnlag i sitt arbeid. Dei kunne også brukt det som argument for å arbeide meir med tre i kvar enkelt kommune.

## **RETTLEIING AV KOMMUNANE**

Då norske kommunar er svært ulike både i organisering, størrelse, kompetansenivå og innbyggjartal er det truleg ein bevisst strategi frå lovgivar at arbeidet med forvaltning av tre skal kunne tilpassast kvar enkelt kommune og deira situasjon. Likevel trur eg at det vil vera uheldig at kvar enkelt kommune heilt sjølv skal finne ut korleis tre skal forvaltast utan verken rammer, retningslinjer eller rettleiing. Ein vert då avhengig at ein har både rett kompetanse, engasjement og vilje til å jobbe for tre i kvar enkelt kommune. Slik eg ser det er det i dag ikkje tilstrekkeleg med rettleiingsmateriale for kommunane. Då ein lyt ha kompetanse både i plantekunnskap og planleggjing for å gjere dette på eiga hand, vil truleg få kommunar ha tilsette med rett fagkunnskap. Rettleiing om tre kunne vorte implementert i allereie eksisterande dokument som til dømes reguleringsplanveilederen og i rettleiaren om kommuneplanens arealdel med dømer på føresegner som kan brukast på dei ulike nivåa. Eit anna alternativ er å utarbeide ein eigen rettleiar for forvaltning av tre der både døme på føresegner kunne vore formidla, og kva planar og strategiar kommunane burde utarbeida for å sikre forvaltninga av tre.

## **INFORMASJONSARBEID**

Intervjuobjekta både i Stavanger og Bergen meinte at ein på statleg nivå med fordel kunne ha jobba meir med informasjonsarbeid der viktigheita av tre vert formidla. Tre er like viktige uansett kvar i Noreg dei står. At kvar enkelt kommune dermed skal arbeide med dette er lite effektivt. Arbeidet kan effektiviserast ved at offentlege organ på statleg nivå overtek denne jobben.

## **KOMMUNALE FØRINGAR**

I kommunen er det på strategisk nivå særleg kommuneplanen sin arealdel som er det viktigaste dokumentet for å sikra at tre vert forvalta på ein god måte. Føresegnene til kommuneplanen er kanskje det verktøyet kommunen har som er best eigna for å få til ei heilskapleg forvaltning. Kommuneplanen gjeld for heile kommunen sitt areal og er juridisk bindande, og er dermed ein moglegheit for å sikra trea på ein slik måte at det kan handhevast i etterkant. Stavanger har i sin nye kommuneplan jobba med dette, og viser gode døme på korleis dette kan innarbeidast på ein god måte. Bergen på den andre sida, har ikkje nytta dette verktøyet like aktivt i samband med forvaltning av tre.

## **7.4 TAKTISK NIVÅ**

### **REGULERINGSPLANAR**

På taktisk nivå er reguleringsplanar eit viktig verkemiddel som kan brukast for både å sikre at eksisterande tre vert teke vare på, og for å sikre at det vert planta nye. Reguleringsplanar vert ofte kun utarbeida i samband med ei planlagt utbygging av eit byggjeprojekt. Dei er meint å vare lenge, i motsetning til kommuneplanar som vert reviderte jamleg. I utarbeiding av reguleringsplanar tek ein ofte særskilt omsyn til tre som allereie er gamle. Men unge tre vert store og gamle dei også dersom ein legg til rette for det, og sidan reguleringsplanar har eit langt tidsperspektiv er det viktig å også ta omsyn til dette når ein sikrar tre i reguleringsplanar. Kommunen kan stille krav i kommuneplanen om at tre skal omtalast i reguleringsplanar og reguleringsplankart og på kva måte. Områdereguleringsplanar kan og nyttast til å få inn tre, då dei ofte omfattar større område og er noko meir overordna enn detaljreguleringsplanar. Ei ulempe med å bruke reguleringsplanar for å sikre tre er at dei ofte vert utarbeida av private aktørar. Då må kommunen i kvar enkelt plansak følgje med og komme med føringar og innspel til planen som skal sikre trea dersom ikkje dei som utarbeidar planen sjølv tek ansvar for det. Då er ein avhengig av at dei som behandlar planen har kompetanse og engasjement for tre i handsaminga av kvar enkelt sak.

### **KOMMUNALE FØRINGAR**

På taktisk nivå har det i Bergen vorte utarbeida ei handbok for gatetre som skal fungere som eit verktøy for prosjektleiarar og prosjekterande både innad i kommunen og for eksterne aktørar. Ei handbok er eit nyttig verktøy for alle som jobbar med tre. Handboka er tilpassa byen, men mykje er generell kunnskap som kunne vore gjeldande for tettbebygde område generelt i Noreg. Stavanger har ikkje ei tilsvarande handbok, men har i gjengjeld innarbeidd mykje føringar i juridisk bindande planar. For eksempel har dei heller fastsett tilrådd jordvolum i vegnorma, i forvaltingsplanen for bytre og i kommuneplanbestemmelsane. Då dette er førande dokument som ein ser til i alle utbyggingsprosjekt, er desse lettare tilgjengelege og har stor sjanse for å bli brukt i prosjektering.



## 7.5 OPERASJONELT NIVÅ

### OFFENTLEGE STYRESMAKTER SOM GRUNNEIGARAR

Dei fleste offentlege styresmakter har eigne eigedommar som dei forvaltar. Det gjeld til dømes Statsbygg, Bane Nor, Opplysningsvesenets Fond, Statens vegvesen, fylkeskommunen og kommunane som til saman eig til dømes statlege bygg, vegareal, stasjonsområde, prestebustadar, skular, sjukehus, fengsel. Då dette til saman utgjer betydelege areal, der mykje av arealet er sentrale tomter i tettbygde områder, er det viktig at trea på desse tomtene også vert forvalta tilstrekkeleg. I dokumentanalysen fant eg ingen dokument eller føringar hjå desse offentlege organa som peikar ut ønska retning for trebestanden til desse grunneigarane. Det har dermed ikkje vore mogleg å identifisere korleis kvar enkelt offentlig styresmakt ønskjer å utvikla trebestanden dei har, og om dei ønskjer at tre skal ha ein plass i deira prosjekt og eigedommar framover eller ikkje. Det same gjeld i kva grad dei vil plante nye tre, eller om dei berre vil la eksisterande tre døy ut, utan at dei vert erstatta. Eg meiner at alle offentlege styresmakter burde ta stilling til dette og utarbeide eigne mål for trebestanden sin, slik at ein kan sikra at trebestanden får utvikla seg vidare i positiv retning.

### BEPLANTNINGSPLANAR

Bergen kommune har, i motsetning til Stavanger, utarbeida ein beplantingsplan som viser kvar dei vil plante nye tre i framtida. Planen i seg sjølv kan plasserast på operasjonelt nivå fordi den er viktig i budsjettprioriteringar, i byggesakshandsaming og i byggjeprojekt. Likevel har planen også både taktiske og strategiske aspekt som gir overordna føringar for beplantinga.

Beplantingsplanen er delt inn ei nøktern plan og ein ambisiøs plan. I realiseringa av planen vil det vera viktig å jobbe aktivt for å setje tre høgt på prioriteringslista både i budsjett i byggjeprojekt og i overordna planar, slik at ein får moglegheit til å gå utover minstekravet om tre og kan nærme seg ein ambisiøs beplanting på sikt. Ei viktig styrkje med planen er at den også inneheld prioriteringsforslag som viser kvar ein skal prioritere tre høgst. Stavanger kommune manglar dette fokuset på framtidig planting av tre, noko som kan gjere at trebestanden stagnerar etterkvart som dei eksisterande trea har levd sine dagar.

### KARTLEGGING

Både Stavanger og Bergen har arbeidd med kartlegging av trebestanden sin. Dersom ein ser til teorien om langsiktig treforvaltning (Randrup & Persson, 2009), har dei lista opp innsamling av informasjon av trebestanden som det første ein bør gå i gang med, før ein utarbeidar forvaltningsmål og forvaltningsplanar. I praksis har dette føregått parallellt i dei to kommunane, og forvaltningsplanane har vore ferdigstilte før alle kartleggingane er utført. Begge kommunane har kartleggingar, men dei vert ikkje oppdaterte og vedlikehalde ofte nok. Karta burde også vorte offentleggjorte slik at det er lettare for dei som planlegg og prosjekterer å identifisere trea tidleg slik at dei kan arbeide for å ivareta dei.

## ØKONOMI

Forvaltning av tre kostar pengar og ein treng tilstrekkeleg med ressursar til dette arbeidet. I Bergen vart det bevilga pengar til kartlegging av tre i sentrum som eit enkeltprosjekt, men å oppretthalde oppdaterte kart er ein kontinuerleg jobb som det bør setjast av pengar til kvart år. Forvaltingsplanar og strategiar er også noko som må oppdaterast jemleg og krev ressursar.

## BEFOLKNINGA SI PÅVERKNAD

Som det har komme fram både i media og frå intervju, er det mykje fokus og merksemd retta mot tre frå befolkinga. Befolkinga fungerer som ein sikkerheitsventil der dei seier ifrå dersom noko urett skjer med trea. At tre engasjerer befolkinga kan dei offentlege styresmaktene dra seg nytte av. Det er derfor viktig å arbeide med å gjere befolkinga bevisst slik at dei bryr seg og bidreg til å ivareta tre. Befolkinga kan også bidra med setje press på dei offentlege styresmaktene til å utarbeide tilstrekkelege forvaltingsstrategiar for å sikre at trea vert ivaretekne.

## 7.6 KORLEIS SKIL BERGEN OG STAVANGER SEG FRÅ KVARANDRE?

I funna i denne masteroppgåva viser både Bergen og Stavanger kommune døme på at ein har brukt både det strategiske, det taktiske og det operasjonelle nivået i forvaltninga av tre. Stavanger og Bergen kommune har løyst oppgåva med forvaltning av tre på ulike måtar. Begge kommunane har jobba på det taktiske nivået med utarbeiding av eigne strategiar for tre, men også strategisk med å innarbeide tre i andre førande dokument i kommunen.

Både Bergen og Stavanger starta med ein overordna strategi for bytrea, men har valgt ulike måtar å gå vidare deretter. Medan Stavanger har utarbeida forvaltningsplanar og grøntplanar med tre som sentrale delar, og arbeidd strategisk med å innarbeida tre i både vegnormer og føresegner i kommuneplanen, har Bergen jobba meir detaljert med enkeltområde. Bergen har laga ei generell handbok for gatetre, og utarbeidd beplantingsplanar for bysentrum. Begge løysingane er godt innanfor forventningane som er sett på nasjonalt og regionalt nivå. Fordelen med Stavanger sin metode er at den er meir overordna og gir verktøy for heile kommunen sitt areal, og gjer det lettare å ta hensyn til tre i handsaming av plan- og byggesaker. Men den gir ikkje detaljerte føringar for kvar ein skal plante nye tre, og kva konkrete tiltak som skal prioriterast først. Bergen sin metode gir færre juridiske verkemiddel som kan brukast i handsaming av plan- og byggesaker. Men planane deira gir rettesnorar for prosjekteringsfasen og ein svært detaljert rettesnor for planting av tre i bydelen Bergenhus.

Bergen kommune har satsa tungt på bysentrum og trea der, medan Stavanger har gått for ein meir strategisk tilnærming gjennom å implementere ei rekkje føresegner om tre både i kommuneplanen sin arealdel og i vegnormene som går på tvers av etatane i kommunen. Bergen på den andre sida viser at konkrete handlingsplanar med tydelege prioriteringar og kartfesta mål også er viktige for å sikre god forvaltning. Stavanger skal ifølgje intervjuobjekta også igang med å utarbeide ein

handlingsplan som skal seie noko om kvar tre skal plantast og korleis trebestanden skal utviklast framover.

Måten Stavanger og Bergen skil seg frå kvarandre kan tolkast som ei ulik prioritering der Stavanger har vore mest opptekne av å ta vare på eksisterande tre, medan Bergen har retta fokuset på å sikre at ein plantar nye tre for framtida. Begge deler er viktig både i eit langsiktig og eit kortsiktig perspektiv. Stavanger seier også dette:

*“Vi har et prinsipp om at det er viktigere å ta vare på eksisterende trær, enn å plante nytt. Vi gjør begge deler og planter nye i tillegg til å ta vare på de eksisterende trærne...”* (Taktisk/strategisk nivå, Stavanger kommune, skrevet om etter sitatskjekk hos informanten).

Stavanger viser også i intervjuet til utfordringen med å følge opp alle dokumenta og føringane i praksis. For å sikra at føringane vert følgt må dei innarbeidast i prosjekt og ulovlegheitsoppfølging må inkludertast i arbeidsoppgåvene til kommunen.

Ein anna viktig skilnad på dei to kommunane finns i bruken av innleigd kompetanse. Det kom fram i intervjuet at Bergen i større grad brukar innleigd kompetanse på alle dei tre nivåa, enn Stavanger kommune. Fordelen med å bruke konsulentverksemdar er at ein slepp å tilsette alle faggrupper i kommunen, noko som er spesielt fordelaktig i mindre kommunar. Større konsultentselskap har ofte ulike personar med ulik kompetanse som kan vera nyttige for å få til gode tverrfaglege prosjekt. På den andre sida kan dette gå utover fagkompetansen i kommunen, då dei kan komme i ein situasjon der dei har så lite fagkunnskap at koordineringa på tvers av etatar vert mindre. Det er naudsynt å arbeide kontinuerleg med koordinering og implementering av tre i alle delar av kommunen, og dette er noko som krevjer både fagkunnskap og nokon som arbeider med tre kvar dag. Stavanger viser eit godt eksempel der tre er inkludert både i vegnorma, i forvaltningsplan for tre og i kommuneplan.

Dersom dei to kommunane får utarbeidd og vedteke planane dei er i gang med no, vil dei vere godt rusta til å ta vare på eksisterande tre, samstundes som trebestanden vert utvikla vidare. Likevel er det viktig å jobba vidare med kartlegginga og å halde dette oppdatert, og å sikre at ein har nok juridisk bindande føresegner som sikrar tre i utbyggingsprosjekt og i byggefasen.

Det er tydeleg frå intervjuet at dei som jobbar med tre i kommunane har eit stort engasjement og ei stor glede av tre og fagetfeltet dei er ein del av. Dersom dette er representativt for dei største kommunane i Noreg, er forvaltninga av tre framover godt teken i vare.



*Figur 8.1: (Eige foto).*

# 8

## OPPSUMMERING OG KONKLUSJON

8.1 Korles vert tre i byar og  
tettstadar forvalta av offentlege  
styresmakter i Noreg?

8.2 Ønsker for framtida

8.3 Vidare studiar

## 8.1 KORLEIS VERT TRE I BYAR OG TETTSTADAR FORVALTA AV OFFENTLEGE STYRESMAKTER I NOREG?

Det er kommunen som har hovedansvaret for forvaltning av tre. Då Noreg sine kommunar er svært ulike både i størrelse, innbyggjartal, ressursar og liknande, er det meint frå lovgivar si side at kommunane skal ha moglegheit til å sjølv bestemme korleis dei vil utføre arbeidsoppgåvene sine. Dei har då ansvar for å tilpasse sitt arbeid til situasjonen i kommunen og dei problemstillingane dei står ovanfor. Samstundes har regionale og statlege styringsmakter moglegheit til å rettleia og hjelpa kommunane med dette arbeidet.

På strategisk nivå fins det svært mange verkemiddel ein kan bruka for å sikra trea. Her fins både statlege føringar og retningslinjer, samt kommuneplanar. Likevel ser ein at desse verkemidla i liten grad vert brukt. Mykje av lovverket er også plassert på strategisk nivå. Likevel ser ein at lovverket i seg sjølv i liten grad sikrar vern av tre, og ein manglar ein moglegheit for å verne tre. Staten og regionane har også moglegheit til å letta arbeidet til kommunen gjennom å bidra med tydelege rettleiingsmateriale til kommunane og å informera befolkningen og andre aktørar om viktigheita av tre. Dette vert likevel i liten grad utnytta i dag. Kommuneplanen blir også brukt i begrensa omfang, og her er det ein stor moglegheit for å sikra tre i juridisk bindande føringar. Bruk av føresegner i kommuneplan kan ein sjå døme på hjå Stavanger kommune sin nye kommuneplan.

På taktisk nivå er det på statleg nivå kulturminnelova og veglova som gjeld, og legg reglar for tre i kulturmiljø og langs vegar. Kommunane har på taktisk nivå moglegheit for å utarbeide områdereguleringsplanar, detaljreguleringsplanar, grøntstrukturplanar og handbøker for tre. Bergen har teke i bruk moglegheiten for å utarbeide ei handbok for gatetre, medan Stavanger har ein meir inngående grøntstrukturplan som tek føre seg treforvaltning på taktisk nivå. I kva grad kommunane nyttar føresegner og plankartet i reguleringsplanar har ikkje oppgåva gått nærmare inn på, men moglegheita ligg der gjennom lovverket. Begge casekommunane har også ein overordna strategi for forvaltning av trea sine, som legg føringar for kva mål og ønskjer dei har for trebestanden sin framover.

På operativt nivå arbeider ein med drift og vedlikehald av trebestanden. Her finn ein også nokre førande dokument, slik som handlingsplanar og beplantingsplanar. Bergen har utarbeidd ein beplantingsplan, medan Stavanger nyleg har starta arbeidet med ein handlingsplan for tre. Også kartregistreringar av trebestanden er på det operative nivået. Kartlegging bidreg til kunnskap som er viktig for å utarbeide både taktiske og strategiske planar og strategiar. Bergen og Stavanger arbeidar begge med kartlegging, men dei er ikkje offentleg tilgjengelege enda. På operativt nivå er forvaltninga ofte prega av praksis og ikkje-formalisert kunnskap. Ei formalisering er viktig for å sikre ei robust forvaltning.

Dei undersøkte kommunane jobbar aktivt og målretta for å sikre at trea vert forvalta på ein god måte. Stavanger og Bergen, saman med Oslo, kan reknast som nokre av dei beste kommunane på dette feltet og set gode eksempel på både metodar, praksis, dokument og føresegner som skal sikre at trea vert tilstrekkeleg forvalta. Men sjølv desse kommunane har forbettringspotensiale.

For å best kunne sikre at trea vert ivaretekne kan det vere naudsynt å nytte dei ulike metodane og verktya dei offentlege styresmaktene har for å regulera hensyna til tre. Gjennom å bruke både juridiske verkemiddel, statlege og regionale planar, kommuneplanar, reguleringsplanar og eigne planar for tre kan ein sikre at tre vert ivareteke i alle ledd. Fokus på både eksisterande tre og nyplanting er viktig for å sikre at trebestanden ikkje vert mindre og/eller i dårlegare forfatning på sikt. For å fordele ansvaret og arbeidsmengda, og å sikre at ein har rett kompetanse og rettleiing, er det viktig at alle dei offentlege styringsmaktene tek ansvar for å hjelpe og rettleia kvarandre. Gjennom å arbeide med forvaltning av tre i alle ledd i det offentlege, samstundes som ein jobbar internt på tvers av avdelingar og faggrupper, kan ein få til ein robust og heilskapleg forvaltning av tre.

## 8.2 ØNSKER FOR FRAMTIDA

Som prosjekterande landskapsarkitekt er det eit stort ønskje at forvaltninga utarbeidar strengare reglar og føringar i alle ledd. Då utomhusanlegg vert bygd sist i byggjeprojekt, etter at bygningar og andre tekniske installasjonar er ferdigstilt, er det ofte lite pengar att i prosjekta. Då er strenge og tydelege føringar for tre viktige slik at det ikkje vert mogleg å prioritere vekk og kutte pengar til tre på grunn av kostnader.

## 8.3 VIDARE STUDIAR

Denne oppgåva starta med utgangspunkt i kommunal forvaltning av tre, men gjekk over i eit ønskje om å forstå forvaltninga, inkludert samanhengane og ansvarsområda til dei ulike offentlege styresmaktene. Oppgåva inkluderer også statleg og regional forvaltning av tre, men eg har i denne oppgåva berre sett på dei offentlege dokumenta desse har utarbeidd, og ikkje gjort intervju av desse. I eventuelle vidare studiar hadde det vore interessant om det også vart gjort intervju av statlege og regionale styresmakter for å avdekkje kva haldningar og prioriteringar ein har om tre. Då kunne ein også ha avdekkja om dei hadde utarbeidd interne dokument og føringar som tok føre seg forvaltning av tre. Då eg har sett på dei største kommunane i landet, hadde det også vore interessant om mindre kommunar hadde vorte undersøkt.

Sjølv om Bergen og Stavanger viser gode eksempel på forvaltning, seier ikkje denne oppgåva noko om korleis kommunar i Noreg som heilheit forvaltar sine tre. Dei to utvalgte kommunane er store bykommunar, med store fagmiljø samanlikna med dei fleste andre kommunar i Noreg, og skil seg derfor frå den gjennomsnittlige kommunen i Noreg. I vidare studiar kunne ein studert mindre bykommunar eller kommunar med mindre tettstadar og vurdert korleis desse vert forvalta i dag.



*Figur 8.9 (Ege 10)*



*Figur 9.1: (Eige foto).*

# 9

## TILRÅDINGAR FOR FORVALTING AV TRE

9.1 Innleiing

9.2 Nasjonalt nivå

9.3 Regionalt nivå

9.4 Kommunalt nivå



## 9.1 INNLEIING

Kapittelet vil ta føre seg kva dei ulike offentlege organa kan bidra med for å sikre at tre i Noreg vert forvalta på ein tilfredsstillande måte. Kapittelet er strukturert etter kommunal, regionalt og statleg nivå, då det er desse som er aktørane i forvaltinga. Eg går ikkje inn på private aktørar, då fokuset i oppgåva har vore offentlege styresmakter. Forslaga er basert på funna i dokumentanalysen, gjennomgangen av lovverk, funn frå intervju, og erfaringar frå arbeidslivet, og er mine vurderingar av korleis forvaltinga kan betrast.

Det er viktig å påpeika at ikkje alle dei offentlege organa treng å utarbeide alle dokumenta, men det syner dei ulike moglegheitene dei har til å nytta ulike verktøy for å forvalta tre.

Når føringar for forvaltinga av tre på nasjonalt, regionalt og kommunalt nivå skal utarbeidast, er det ein føresetnad at dei blir synkroniserte og til saman gir den sikringa sin treng for god forvalting av tre.

## 9.2 NASJONALT NIVÅ

På nasjonalt nivå finn ein både statlege politikarar, departement, direktorat og statlege forvaltningsorgan og føretak slik som Statsforvaltaren, Statens vegvesen, Riksantikvaren, Bane Nor, Forsvaret og Statsbygg osv. Her omfattar ansvarsområda blant anna utarbeiding av lovverk, statlege retningslinjer og rettleiarar og utarbeiding av statlege planar. I tillegg kan dei kome med innspel og motsegner til regionale og kommunale planar. Då kommunane er svært ulike i form av kompetanse, størrelse, ressursar mm., finst det mange kommunar som ikkje har rette føresetnadar for å utarbeide heilt eigne føringar for tre. Derfor kan det vera ein moglegheit at staten og regionane tek ein større del av ansvaret enn det dei gjer i dag. Under følgjer mine tilrådingar for korleis det statlege nivået kan nytte ansvarsområdet sitt for å bidra til å sikre ei heilskapleg og solid forvalting av tre:

### **Staten som lovgivar**

**Utarbeide moglegheitar for å juridisk sikre tre.** Dette kan gjerast på ulike måtar. Ein kan til dømes gjeninnføra moglegheita for å freda tre, slik som ein før kunne gjennom naturvernlova (1970). Ein anna moglegheit er å laga ei eiga lov om tre. Ein kan også gjere det søknadspliktig å felle tre over ein viss størrelse.

## Staten som rettleiar

**Utarbeide nasjonale retningslinjer for graving nær tre.** For å sikre at ein unngår skade på eksisterande tre under gravetiltak nær tre, er det viktig med tydelege retningslinjer for dette. Oslo kommune har ei rettleiande hefte som tek føre seg dette. Sidan graving nær tre er uavhengig av geografi, og alle kommunar kunne nytt godt av ei slik retningslinje, hadde det vore nyttig om staten kunne utarbeidd ei slik retningslinje for bruk i alle norske kommunar.

**Innarbeide tre i rettleiarar.** Med dette meiner eg å nemne tre i eksisterande retningslinjer der dette er relevant. Til dømes i rettleiar til kommunal planlegging, og rettleiar om reguleringsplanar.

**Utarbeide ein eigen rettleiar for forvaltning av tre i kommunen.** For å forenkle oppgåva med forvaltning av tre for kommunane, kunne ein eigen rettleiar for dette vorte utarbeida. Denne kunne inneheldt til dømes informasjon om kva føringar og strategiar kommunane burde utarbeide og døme på gode føresegner om tre som kommunane kunne ta inn i kommuneplanar og reguleringsplanar.

**Formidle viktigheita av tre.** Det statlege nivået kan bidra med argumentasjon for kvifor tre er viktige. Sidan viktigheita av tre vil være den same uavhengig av geografisk område, kan det statlege nivået hjelpe kommunane med å bidra med formidlinga. Det finst som nemnt i kapittel 2, svært mange ulike grunnar til kvifor tre er viktig, så fleire ulike delar av den statlege forvaltninga kan vera eigna til å bidra her. Helsedirektoratet kan til dømes bidra med å formidle kvifor tre er viktig for folkehelsa og trivsel blant menneske, mens miljødirektoratet kan vera meir eigna til å formidla fordelane med tre for biologisk mangfald osv.

## Staten som planmynde

**Sikre økonomiske midlar til forvaltning av tre.** Staten set rammene for kommunen sin økonomi og kan til dømes nytte sine økonomiske verkemiddel til å oppretta støtteordningar til utarbeiding av forvaltingsplanar for tre eller liknande.

**Meir samarbeid på tvers av sektorar og aktørar.** Å styrkje samarbeidet mellom aktørar kan bidra til å auke kompetanse og å fordele ansvar.

**Etterspørje forvaltning av tre i staten si handsaming av offentlege og private planar etter plan- og bygningslova.** Statsforvaltaren er klageinstans i byggjesaker og saker som gjeld reguleringsplanar. Staten kan også utarbeide eigne reguleringsplanar det dei kan legge vekt på god forvaltning av tre og skape gode eksempel for andre.

## Staten som grunneigar

**Utarbeide egne forvaltningsmål for trea til kvar enkelt offentleg etat.** Kvar enkelt offentleg etat bør utarbeide strategiar og mål for kva dei ynskjer med sin eigen trebestand på sine eigedommar og i sine eventuelle utbyggingsprosjekt. Til dømes har Statens vegvesen, Bane Nor, Forsvaret, Statsbygg osv. mange eigedommar og utbyggingsprosjekt med både eksisterande og potensielt framtidige tre. Gjennom ein heilskapleg strategi og mål for trea sine, vert det enklare i kvart enkelt prosjekt å sikra omsyn til tre.

**Kartlegge tre på eigen grunn.** Karta bør jamleg oppdaterast og haldast ved like. Desse karta burde innehalde informasjon om til dømes treslag, type/gruppering, veksestad, høgde, stammeomkrins, krunediameter, utviklingsfase og tilstandsvurdering. Ideelt sett hadde eit felles nasjonalt kart over alle tre (evt. berre i urbane område) vore nyttig og anvendeleg ved skjøtsel eller prosjektering av utbyggingsprosjekt. Det gjer det lettare å planleggje og prosjektere nye prosjekt og å ta vare på eksisterande tre.

**Plante fleire tre** og sikra at dei får så gode vekstvilkår at dei kan vekse seg store og gamle.

## 9.3 REGIONALT NIVÅ

På regionalt nivå finns både statlege etatar slik som statsforvaltarar, NVE, mattilsynet m.fl og regionale mynde slik som fylkeskommunen. Fylkeskommunen har ansvar for til dømes vidaregåande skular, fylkesvegnettet, regional planlegging, planretteiing til kommunane og andre osv. Som nemnt i kapittel 6.4 om regionale føringar, viste dokumentanalysen at det fans få både strategiske, taktiske og operasjonelle føringar på regionalt nivå. Under er det føreslege tiltak det regionale nivået kan gjere for å forenkla arbeidet med forvaltning av tre for kommunane:

### Regionale mynde og regionale statlege etatar som rettleiar

**Rettleia kommunane.** Både statsforvaltaren og fylkeskommunane kan bidra til å rettleie og gi innspel til kommunane. Det kan vera eit viktig bidrag spesielt dersom kommunane ikkje har tilstrekkeleg kompetanse på treforvaltning.

### Regionale mynde og regionale statlege etatar som planmynde

**Regionale planar og strategiar for tre.** Fylkeskommunen kan utarbeide egne strategiar og planar for tre for å skapa ei overordna og heilskapleg retning for trebestanden i regionen.

**Utarbeide regionale eller interkommunale retningslinjer.** I større byområde der byen spenner over fleire kommunar, kan interkommunale eller regionale retningslinjer vera gode løysingar for å sikra heilskapleg forvaltning av tre på tvers av kommunegrenser. Dette kan vera relevant i enkelte tilfelle og kan vera eit eigna verktøy i nokre større bykommunar, slik som det er gjort i Sør-Rogaland rundt Stavanger. Det kan gjerast som eit interkommunalt plansamarbeid eller som ein regionalplan.

**Meir samarbeid på tvers av sektorar og aktørar.** Sjå tilsvarende punkt over.

**Utarbeide regionale eller interkommunale retningslinjer.** I større bykommunar der byen spenner over fleire kommunar, kan interkommunale eller regionale retningslinjer vera gode løysingar for å sikra heilskapleg forvaltning av tre på tvers av kommunegrenser. Dette kan vera relevant i enkelte tilfeller og kan vera eit eigna verktøy i nokre større bykommunar, slik som det er gjort i Sør-Rogaland rundt Stavanger. Det kan gjerast som eit interkommunalt plansamarbeid eller som ein regionalplan.

**Meir samarbeid på tvers av sektorar og aktørar.** Sjå tilsvarende punkt over.

## **Regionale mynde og regionale statlege etatar som grunneigar**

**Utarbeide eigne forvaltningsmål for trea til kvar enkelt regionale myndigheit.** Dette vil innebera å identifisere klare mål for kva kvar enkelt regional myndigheit ønskjer å gjere med trebestanden sin og korleis dei vil den skal utviklast. Til dømes har fylkeskommunen ansvar for uteområde på vidaregåande skular og har dermed forvaltingsansvar for tre i samband med desse. Tilsvarende kan Statens vegvesen som eig store areal langs riksvegnettet jobbe med strategiar og syte for god forvaltning av vegetasjon og tre langs vegen.

**Kartlegge tre på eigen grunn.** Sjå tilsvarende punkt over.

**Plante fleire tre** og sikra at dei får så gode vekstvilkår at dei kan vekse seg store og gamle.

## **9.4 KOMMUNALT NIVÅ**

Kommunane har hovudansvaret for forvaltning av tre. Under er nokre forslag til tiltak, føringar og planar som kommunen kan utarbeide for å sikra forvaltning av tre. Det er viktig å presisere at ein ikkje i alle kommunar har kompetanse og ressursar til å gjennomføre alt som er lista opp under. Det vil heller ikkje vera hensiktsmessig i alle kommunar. Oversikta er meint som inspirasjon til arbeidet med tre, og lyt tilpassast kvar enkelt kommune.

**Få inn føresegner om tre i kommuneplanen.** Det er viktig å reflektera over ordlyden slik at ein sikrar at føresegnene ein legg inn er juridisk bindande og kan nyttast i reelle prosjekt og saker. Kommuneplanen bør også innehalde føresegner som er eigna til å sikre at tre på privateigde område kan ivaretakast. Kommuneplanen bør også bidra til å sikra at eksisterande tre vert ivaretekne.

**Utarbeide overordna strategi for tre.** Denne bør innehalde overordna føringar og mål som kommunen har sett seg.

**Opprette samarbeid med andre aktørar.** Kommunar kan gå saman med andre kommunar eller i faggrupper for å finne fram til gode føresegner og dele erfaringar. Ein bør også samarbeide med statlege og regionale aktørar, til dømes i kartlegging og skjøtsel, og for å skape heilskaplege planar og føringar.

**Arbeid internt i kommunen med å formidle kvifor tre er viktige.** Inkludere alle avdelingar, og få andre faggrupper til også å jobbe mot eit felles mål om fleire, friske og vakre tre.

**Formidle verdien tre har til befolkninga.** Dersom innbyggjarane bryr seg om trea, vil dei også ta vare på dei og fungere som voktarar dersom det skjer noko uønskt med trea.

**Innarbeide omsynet til tre i fleire ulike kommunale føringar.** Til dømes i vegnormer og vegnormalar, VA-normer, retningsliner for utomhus osv.

**Utarbeide handlingsplan for planting av nye tre.** Dette for å sikra at ein også plantar nye tre. Handlingsplanen bør innehalde kart over framtidig treplanting, gruppering av tre i rekker, solitære, masseplantingar eller grupper av tre. Den bør også innehalde prioriteringar av kvar ein skal plante først.

